

Øystre Slidre kommune
- rein naturglede!

2026-2038

Planomtale – arealdelen av kommuneplanen



Innhald

1. Føresetnader for planarbeidet	4
1.1 Bakgrunn	4
1.2 Plan- og bygningslova	4
1.3 Overordna føringar	4
1.3.1 Statlege føringar	4
1.3.2 Regionale føringar	5
1.3.3 Kommunale føringar	5
1.3.4 Utreiningar som inngår i kunnskapsgrunnlaget	6
1.4 Planprosess og medverknad	6
1.4.1 Planprogrammet for planarbeidet	6
1.4.2 Organisering av planprosessen	6
1.4.3 Medverknad	6
1.4.4 Planprosessen	7
2 Planomtale	8
2.1 Plandokumenta	8
2.2 Hovudgrep i planforslaget	9
2.2.1 Verne om areal for landbruk, natur og friluftsområda (LNF-områda)	9
2.2.2 Styrke sentrumsutvikling på Heggenes og Beitostølen	10
2.2.3 Sikre tilstrekkeleg areal for framtidig bustadbygging	10
2.2.4 Sikre tilgangen på næringsområde	11
2.2.5 Legge grunnlaget for klima- og miljøforsvarleg utbygging av fritidsbustader	11
2.2.6 Sikre god tilrettelegging for alle	11
2.3 Arealregnskap	11
3 Samandrag etter plantema	15
3.1 Bebyggelse og anlegg	15
3.1.1 Universell utforming	15
3.1.2 Utbyggingsgrense (fjellgrense)	15
3.1.3 Infrastruktursoner og spreidd avløp	16
3.1.4 Bruksendring	24
3.1.5 Parkering	24
3.1.6 Sentrumsutvikling	24
3.1.7 Bustad	30
3.1.8 Fritidsbustad	33

3.1.8.1 Tal fritidsbustader i gjeldande arealplandel.....	33
3.2 Næring.....	36
3.2.1 Vurdering etter ABC-prinsippet.....	36
3.3 Omsynssoner	38
3.4 Sikringssoner	38
3.4.1 Sikringssone 110 – Nedslagsfelt Drikkevann	38
3.5 Klima	40
3.5.1 Klima +	40
3.5.2 Solenergianlegg	41
3.5.3 Fjernvarme	42
3.6 Reguleringsplanar.....	42

1. Føresetnader for planarbeidet

1.1 Bakgrunn

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna plan- og styringsdokument, og omfattar ein samfunnsdel og ein arealdel. Planen er vårt viktigaste verktøy for heilskapleg og langsiktig planlegging, og skal varetake både kommunale, regionale og nasjonale mål og oppgåver.

Samfunnsdelen av kommuneplanen vart vedteken 18. feb. 2021, og handlingsdelen av kommuneplanen vert årleg rullert som del av kommunen sin økonomiplan. Arealdelen tek utgangspunkt i samfunnsdelen og viser, etter intensjon i plan- og bygningslova § 11-5, ein klar samanheng mellom ønska samfunnsutvikling og arealbruk. Den skal også gje langsiktige og føreseielege rammer for kva for nye tiltak og ny arealbruk som kan tillatast. Planen tek også utgangspunkt i vedteken planstrategi, og legg retningslinjer og pålegg frå statlege og regionale styresmakter til grunn.

Alt areal i kommunen er dekkja av eit arealføremål gjennom arealdelen eller reguleringsplanar. Både arealføremålet i plankartet, og det som er nedfelt i føresegnene og retningslinjene, legg føringar for kva tiltak som kan gjerast. Dette inneber at arealdelen er styrande for kva tiltak den enkelte grunneigar og utbyggjar kan gjennomføre i planperioden.

1.2 Plan- og bygningslova

Arealdelen av kommuneplanen (KPA) er heimla i plan- og bygningslova (pbl) §§ 11-1 og 11-5 og plankart og planføresegner er juridisk bindande (pbl § 11-6). I dei områda der det ikkje finst eller er sett krav om reguleringsplan skal arealdelen av kommuneplanen følgjast ved handsaming av søknader om tiltak etter pbl § 20-1.

1.3 Overordna føringar

1.3.1 Statlege føringar

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. I dette dokumentet blir den nasjonale politikken formidla. Forventningsdokumentet som ligg til grunn for kommuneplan for Øystre Slidre kommune er Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027.

I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027» har regjeringa lagt vekt på berekraftig utvikling, og omtalar fire store utfordringar vi står ovanfor i denne planperioden:

1. Å skape eit berekraftig velferdssamfunn.
2. Å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning.
3. Å skape eit sosialt berekraftig samfunn.
4. Å skape eit trygt samfunn for alle.

Regjeringa ønskjer at FN sine berekraftmål skal leggjast til grunn på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, for å møte dei største utfordringane i vår tid.

Dei statlege planretningslinjene gjev konkrete føringar for korleis enkelttema skal følgjast opp i planlegginga. Dei mest relevante planretningslinjene for kommuneplan sin arealdel er:

- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (2019)
Retningslinjene skal styrke barn og unge sine interesser i planlegging. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge skal vere sikra mot ureining, støy, trafikkfare og annan helsefare. I nærmiljøet skal det finnast areal der barn kan skape sitt eige leikemiljø. Det skal

vere sett av tilstrekkelege og eigna areal til barnehagar. Ved omdisponering av areal som er i bruk eller er eigna for leik skal det skaffast ei fullverdig erstatning.

- Statleg planretningslinje for klima og energi (2024).
Føremålet med retningslinene er å sikre at klima og energi vert lagt vekt på i planlegginga etter særleg plan- og bygningslova. Klima omfattar både reduksjon av klimagassutslepp, karbonopptak og -lagring og tilpassing til klimaendringane.
- Statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet (2024).
Føremålet med retningslinene er å sikre ei samordna berekraftig bustad-, areal- og transportplanlegging og bidra til effektive planprosessar. I distriktskommunar med lågt utbyggingspress, lågt folketal eller negativ folketalsutvikling skal retningslinene særleg bidra til utvikling av levedyktige lokalsamfunn.

1.3.2 Regionale føringar

- Regional plan for det inkluderande Innlandet
Regionalt planarbeid er forankra i Innlandsstrategien, som blei vedtatt av fylkestinget 23.09.2020. Strategien bygger på FN's 17 berekraftsmål og gir retning for prioritert politikk fram til 2024. Den er lagt til grunn ved arbeidet med regional plan for det inkluderande Innlandet.
- Regional plan for klima, energi og miljø, Innlandet
Regional plan for klima, energi og miljø skal utforme, konkretisere og koordinere ein offensiv klima- og miljøpolitikk for Innlandet. Klima- og miljøomsyn skal vege tungt i alle samfunnsspørsmål, men skal tilpassast at vi lever i by og bygd.
- Regional plan for samfunnstryggleik, Innlandet
- Innlandet og Viken regional vassforvaltningsplan
Forventningsbrev til kommunar og regionale og statlege etatar om arbeidet med vassforvaltning i Innlandet og Viken vassregion.

1.3.3 Kommunale føringar

1.3.3.1 Gjeldande temaplanar og samfunnsplanar

- Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2032
- Stig- og løypeplan for 2022-2026.
- Beitebruksplan 2025-2029
- Kulturminneplan
- Kommuneplan for vassmiljø. Vassforsyning-avløp (VVA plan)
- Handlingsprogram VVA
- Landbruksplan og kjerneområde i landbruk
- Kartlegging og verdsetting av område for friluftsliv
- Busettings- og integreringsplan
- Kommunalplan for trafikktryggleik
- Oppvekstplan 2023-2026
- Helse og omsorgsplan 2021-2025

1.3.3.2 Vedtekne drøftingsnotat som grunnlag for KPA

- Fritidsbustadnotat
- Sentrumsutvikling
- Bustad
- Næring
- Renovasjon

1.3.4 Utgreiningar som inngår i kunnskapsgrunnlaget

- Mogelegheitsstudie, Strategisk plan for utvikling av tettstadane Heggenes og Tingvang. Målsetjinga for dette arbeidet var å få vurdert potensialet for utvikling i Heggenes og Tingvang. Norconsult 2020.
- Moglegheitsstudie for Beitostølen. Gjennomført av Arkitektthøyskolen i Oslo. 2022.
- Beitostølen mogelegheitsstudie. Traseval for løyper, stig og veg i Sentrum1. 2021.
- Mogelegheitsstudie Beitostølen UU, kartlegging av universell utforming i bygg og uteareal på Beitostølen. 2021.

1.4 Planprosess og medverknad

1.4.1 Planprogrammet for planarbeidet

Planprogrammet viser korleis planprosessen skal gjennomførast, med plantema, opplegg for konsekvensutgreiing, medverknad og framdriftsplan. Planprogrammet blei vedtatt av kommunestyret 17.02.2022.

1.4.2 Organisering av planprosessen

Oppdragsgjevar er kommunestyret og det er kommunestyret som vedtek planen.

Formannskapet har følgd prosessen tett, kome med innspel og gjort prinsipielle vedtak undervegs, m.a. knytt til dei fem drøftingsnotata omtalt i punkt 1.3.3.2.. Formannskapet har vidare teke stilling til dei innkomne innspela til planen og høyringsinnspela.

Administrasjonen har utarbeidd utkast til planen i samsvar med dei føringane som er lagt i plan- og bygningslova, planprogrammet og innspel frå formannskapet og vurdert innkomne innspel og høyringsinnspel som grunnlag for vedtak i formannskapet.


1.4.3 Medverknad

Arealdelen av kommuneplanen er underlagt medverknadskrava i plan- og bygningsloven § 5-1. Opne planprosessar med gode medverknadsmoglegheiter er viktig og ynskjeleg av mange grunnar. Både forståing og eigarskap for planar i kommunen er sentralt. Realisering av planar er enklare dersom flest mogleg forstår kvifor planane er viktige. Arealdelen får innverknad for mange, både einskilte personar, næringsverksemdar, lag og organisasjonar. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, m.a. barn og unge. Det er viktig at flest mogleg engasjerer seg og medverkar til arealdelen, sidan arealdelen er det viktigaste dokumentet for arealressursbruken i kommunen. Høyring av planprogrammet har gjeve høve til å påverka kva spørsmål som skal utgreiast, og kva tema som er viktig for vidare arbeid. I høyringsperiodane av planen har vi hatt møte med råda, næringslivet, hyttevella og andre interessentar.

Tiltak for medverknad:

- Aktiv bruk av kommunen si nettside.
- Direkte kontakt med næringslivet.
- Ope kontordagar i delar av planprosessen.
- Eigne møte med lag, organisasjonar og velforeiningar som ynskjer det.
- Møte med ungdomsrådet, eldrerådet og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.
- Ope møte i høyringsfasen.

1.4.4 Planprosessen



2 Planomtale

2.1 Plandokumenta

Kommuneplanen sin arealdel er eit stort og omfattande dokument som inneheld 7 delar med tilhøyrande dokument. Dei ulike delane er:

1. Planomtale
2. Føresegn og retningslinjer
3. Plankart med fleire kartlag
4. Heilskapleg konsekvensutgreiing
5. Konsekvensutgreiing av arealbruksendringar
6. ROS
7. Vurdering av innkomne innspel
8. Vurdering av høyringssvar

Planomtalen er ei oppsummering av sjølve planen i kommuneplanen sin arealdel, medan dei andre dokumenta inneheld meir detaljerte skildringar.

Føresegn og retningslinjer er eit juridisk bindande dokument som omtalar reglane og retningslinjene for arealbruk i kommunen.

Plankart er eit juridisk bindande kart som viser føremåla for arealbruken i kommunen.

Heilskapleg konsekvensutgreiing viser konsekvensane av heile planen samla, særleg med tanke på planen sin verking på miljø og samfunn, det samla fotavtrykket som innspel til endra arealbruk har for relevante miljø- og samfunnsforhold.

Konsekvensutgreiing (KU) av arealbruksendringar er eit dokument som inneheld konsekvensutgreiingane av arealendringar i planen. KU skal omtala verknader for miljø og samfunn ut frå kunnskap og naudsynt oppdatering av denne kunnskapen. Utgreiinga skal vera vedtaksrelevant og vera tilpassa utbygginga sitt omfang og pårekleleg konfliktgrad. Område til utbyggingsføre mål i gjeldande kommuneplan 2016-2028 og i kommunedelplan for Beitostølenområdet 2011-2023 og kommunedelplan for Gravfjellet 2013-2025 som ikkje er regulert eller bygd ut, og som kommunen ynskjer å vidareføre i ny arealdel, er ikkje teke med i KU. Nye areal er vurdert etter fylgjande kriteria:

- Vurdering og verdisetjing av areala
- Konsekvensar ved ny arealbruk

Ros, Risiko- og sårbarheitsanalyse, er noko som skal gjennomførast på nye utbyggingsareal som vert lagd inn i kommuneplanen sin arealdel. Analysane skal visa risiko- og sårbarheitsforhold som har noko å seia for om arealet er eigna til utbyggingsformål, og eventuelle endringar av slike forhold som følgje av planlagd utbygging.

Vurdering av innspel er eit dokument som viser alle innspela til kommuneplanen sin arealdel, og vurdering og vedtak av dei enkelte innspela.

Vurdering av høyringssvar er eit dokument som viser korleis alle høyringssvara i 1. høyring er vurdert.

2.2 Hovudgrep i planforslaget

Hovudlinene i arealpolitikken i Øystre Slidre er tufta på visjonen til kommunen om rein naturglede og på måla i samfunnsdelen om ein vekst i tal innbyggjarar og deltidsinnbyggjarar på minst 1 % årleg og ei dobling av tal gjestedøgn innan 2035. For å oppnå dette vil vi i arealpolitikken:

- sikre tilstrekkeleg areal for næringsføremål- og bustadføremål i heile kommunen
- styrka Heggenes som kommunesenter og styrke dei urbane kvalitetane i sentrum av Beitostølen
- vera godt tilrettelagd for alle, uavhengig av funksjonsnivå
- stille tydelege miljøkrav til nye område som skal byggast ut
- fortette i allereie utbygde område, for å redusere behovet for å ta i bruk nytt utbyggingsareal
- etablere ei utbyggingsgrense gjennom heile kommunen der det ikkje vert opna for større utbygginga utanfor utbyggingsgrensa
- ta ut utbyggingsområde for fritidsbustader frå eksisterande kommuneplan/ kommunedelplanar og tilbakeføre dette til LNF-område.

2.2.1 Verne om areal for landbruk, natur og friluftsområda (LNF-områda)

LNF-områda er viktige for landbruksnæringa og for naturopplevingar og aktivitet for innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og gjester. Vi vil bruke fleire verkemiddel for at landbruket framleis kan nytte desse områda for beitebruk m.v., samtidig som flest mogleg skal få glede av å oppleve storslått landskap utan skjemmaende inngrep og forureining. Rein naturglede er ein føresetnad for dei viktigaste næringane i kommunen: reiseliv og landbruk.

Vi har nytta desse verkemidla i arealplanen for å sikre LNF-områda for landbruk og opplevingar:

- Ei tydeleg utbyggingsgrense (tidlegare kalla fjellgrense), der vi ikkje skal leggje ut nye utbyggingsområde nord og aust for denne grensa. Denne utbyggingsgrensa går frå kommunegrensa til Nord-Aurdal i sør til grensa mot Vang i nord. Utbyggingsgrensa er fleire stader trekt lengre mot bygda for å verne større område mot utbygging. For eksisterande fritidseigedomar utanfor utbyggingsgrensa kan bygningane vedlikehaldast, men det vert sett klare ramme for utviding av fritidseigedomane, jf. punkt 5.4 i Føresegner og retningslinjer.
- Vi har teke ut område som er sett av til fritidsføremål, men som ikkje er bygd ut. Desse områda er tilbakeført til LNF-område. Dette gjeld særleg for utbyggingsområde i kommunedelplan for Gravfjellet og nord og aust for utbyggingsgrensa på Beitostølen.
- Vi vidarefører infrastruktursone for vatn og avløp, slik at risikoen for forureining frå spreidd fritidsbusetnad vert redusert, jf. punkt 14.1 i Føresegner og retningslinjer.
- Vi sikrar meir føreseielege ramme for grunneigarar og brukarar av friluftsområda ved å avsetja omsynssone for stiar og løype i samsvar med vedteken sti- og løypeplan, jf. punkt 9.5. i Føresegner og retningslinjer.
- Ved omdisponering av matjord vil vi sikre at minst tilsvarande areal vert dyrka opp, eller at den omdisponerte matjorda vert nytt som matjord anna stad i landbruket, jf. punkt 4.1.1 i Føresegner og retningslinjer.
- Vi sikrar at område med utvalde naturtypar skal regulerast til "5100- LNFR". Det skal regulerast inn sikringssoner mot nedbygging, hogst og etablering av infrastruktur, rundt område med slike naturtypar, jf. punkt 1.14 i Føresegner og retningslinjer.

2.2.2 Styrke sentrumsutvikling på Heggenes og Beitostølen

Vi har definert ei tettstadgrense for kommunesenteret og ei for Beitostølen sentrum. Dette er grenser som legg ei langsiktig ramme for områda desse tettstadene skal utvikle seg innafor, for på den måten å samle og styrke sentrumsfunksjonane. Innafor tettstadgrensa skal området kunne disponerast til bustad, næring, offentlege rom som torg, parkar m.v. Vi viser til punkt 4.4. i Føresegner og retningslinjer.

På Heggenes vil vi legge til rette for område for næring, offentlig tenesteyting og bustad. Butikkar og anna privat tenesteyting skal lokaliserast til eksisterande bygningar eller i nye utbyggingsområde innanfor ein avstand på maks 400 meter frå torget i Heggenes (området mellom Helsetunet og Coop). Innafor dette området vert det også tillate med ny bustadbygging med tett utnytting (leilegheiter). Realisering av Heranglie bustadfelt vil bidra til å binde sentrumsområdet saman med området ved kommunehuset og ØSUS. Utvikling av Furustrandområdet, med ny gangveg frå torget, ned til og langs fjorden og bort til Furustad bidreg til å knytte sentrum og Furustrand saman.

Kommunen har nyleg kjøpt store delar av arealet mellom Helsetunet og Furustrand, og vi vil i 2026 gjennomføre ein ide- og mogleighetsstudie for utvikling og bruk av dette området. Vi har tilgjengeleg areal for nytt helsehus i sentrum og det er sett av tomt til ny sentrumsbarnehage i tilknytning til Heranglie bustadfelt.

Vi skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar og senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande. Vi ønskjer å styrke dei urbane kvalitetane på Beitostølen. Funksjonar som detaljhandel, restaurantar og anna privat tenesteyting skal som ein hovudregel lokaliserast i sentrumskjernen. Dette vil styrke Beitostølen som heilårsdestinasjon.

Minst like viktig er tilgangen på og kvaliteten ved dei offentlege uteromma. Dei offentlege uteromma skal vidareutviklast m.a. ved at:

- Bergojordan blir utvikla og teke i bruk som hjarta av Beitostølen heile året. Funksjonar som støtter opp om utvikling av dette uterommet vert lokalisert inntil Bergo-jordan.
- Liastølen vert sikra og utvida som ein dokumentasjon på utviklinga av Beitostølen og som ein offentlig tilgjengeleg kulturminnepark.

Det skal også vidareutviklast eit gjennomgåande universelt sti- og løypenett gjennom sentrum og ut til dei sentrumsnære friluftsområda. Dette hovudettet skal så langt råd er vera tilrettelagd for alle heile året uavhengig av funksjonsnivå, jf. punkt 7.3 i Føresegner og retningslinjer.

Vi vil setja krav til bygningstype for leilegheitsbygg, hotell m.v. som gjev Beitostølen ein forsterka identitet og estetisk uttrykk, jf. punkt 4.4 i Føresegner og retningslinjer. Bygningstypen skal legge til rette for ein kompakt fjellandsby og bruk av berekraftige og klimavenlege utbyggingsløyser og materialval, tett- og arealeffektiv utnytting. Ved nye reguleringsplanar i sentrum på Beitostølen skal parkeringa løysast ved parkeringsanlegg under bakken eller ved frikjøp frå parkeringskravet.

2.2.3 Sikre tilstrekkeleg areal for framtidig bustadbygging

Vi skal til ein kvar tid ha ferdigregulerte areal for bustad i kommunal eige i alle delane av kommunen. I Rogne og i Heggenes har tilgangen på tomter vore god over tid. Ved denne revideringa er det også sikra tilstrekkeleg bustadtomtereservar i Beitostølenområdet. Vi skal leggje til rette for både leilegheiter og einbustadtomter i desse områda.

I tillegg til dei regulerte tomteområda vil vi leggje til rette for spreidd bustadbygging i heile kommunen. Tydelege retningslinjer klargjer kor vi i LNF-områda kan opne for spreidd bustadbygging, jf. punkt 5.1 i Føresegner og retningslinjer.

2.2.4 Sikre tilgangen på næringsområde

Å sikre og utvikle dei etablerte verksemdene i kommunen og leggje til rette for nye verksemdar, er den viktigaste faktoren for å halde opp og styre busetnaden i kommunen. Vi skal ha tilstrekkeleg med regulert næringsareal i kommunalt eige for sal. Vi skal leggje til rette for utviding av næringsområdet på Raudbrøtmoen og etablere næringsområdet ved Mørket. Vi skal også leggje til rette for næringsareal for naturbaserte opplevelingsverksemdar som treng areal som ligg tett på naturen/fjellet for si verksemd.

2.2.5 Legge grunnlaget for klima- og miljøforsvarleg utbygging av fritidsbustader

Utbygging og drift av fritidsbustader skal framleis vera ei viktig næring i kommunen, men næringa må gjerast meir miljø- og klimavenleg, jf. nasjonale retningslinjer for arealbruk og mobilitet. Det vil vi oppnå ved:

- å redusere arealforbruket til næringa gjennom effektiv arealutnytting ved nye utbyggingar og fortetting av eksisterande fritidsbustadområde
- bygge sentrumsnært på Beitostølen og setja krav om bygging av gangvegar, stiar og løype, slik at transportbehovet vert redusert
- setje krav om «varme senger» innanfor sentrumsområdet Beitostølen, slik at utbygde område ved utnytta godt
- setje krav til miljø- og klimavenlege energiløysingar og materialval
- bruke utbyggingsavtalar for å sikre gjennomføring av miljø- og klimakrav.

2.2.6 Sikre god tilrettelegging for alle

Vi ønsker å vera ein godt tilrettelagd kommune for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Ved all planlegging og utbygging innanfor sentrumsområda på Heggenes og på Beitostølen skal det gjerast greie for korleis utbyggar vil ta omsyn til tilgjenge for alle og universell utforming, jf. punkt 1,6 i Føresegner og retningslinjer. Nye bygningar og anlegg skal gjevast universell utforming i samsvar med teknisk forskrift eller strengare føresegnar fastsett i arealdelen eller reguleringsplanar. Innanfor kvart byggeområde skal det setjast av nok areal for å skape gode uterom og uterom med tilstrekkeleg opphaldsareal, vrimleareal og møteplassar.

2.3 Arealregnskap

Vi vil i det følgjande presentere eit arealrekneskap over dei største endringane i arealbruken i arealplanen. Dette er delt inn etter desse arealføremåla:

- Fritidsbustader
- Bustadføremål
- Industri og næring
- Offentlege tenester m.m.

Tabellane under viser dei områda i kommunen der større endringar i arealdisponeringar er gjort (Tabell 1 – 4). Det er tilbakeført samla 2 843 dekar frå utbyggingsføremaal til LNFR, medan det er teke i bruk 332 dekar LNFR-område til utbyggingsføremaal. Samla sett er det no satt av 13111,8 dekar til framtidig utbyggingsføremaal i planen. Det arealet som vert tilbakeført til LNFR-område er i det vesentlege område for fritidsbustader eller areal som er knytt til det føremålet.

Fritidsbebyggelse:

Samla er det teke ut om lag 2 666,6 dekar sett av til fritidsbustader, det vesentlege frå Gravfjellet/Taraldstølen (1 952 dekar), men det er også teke ut 238 dekar frå Luskeråsen og 435 dekar frå Beitostølsområdet over utbyggingsgrensa (Tabell 1).

Det er lagt inn 77 dekar nytt utbyggingsområdet i planen, med 26,2 dekar i Gardli Nord, 36,2 dekar på Rolistølen, 6,0 dekar i Haugsynslie og 8,5 dekar i Lykkja.

Tabell 1. Arealrekneskap knytt til Fritidsbebyggelse.

Fritidsbebyggelse				
Gravfjellet	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
A1	1400 - Idrettsanlegg - Framtidig	192589	5100 - LNFR	192589
S3a	5230 - Spredt næringsbebyggelse - Framtidig	13029	5100 - LNFR	13029
S3b	5230 - Spredt næringsbebyggelse - Framtidig	26671	5100 - LNFR	26671
H1	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	523220	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	478320
			5100 - LNFR	44900
H1	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	478320	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	471069
			5100 - LNFR	7252
H5	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	422810	5100 - LNFR	398305
H6a	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	360660	5100 - LNFR	352160
H6b	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	91893	5100 - LNFR	91893
H6c	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	96995	5100 - LNFR	96995
FT1	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	646138	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	52684
FT1	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	0	5100 - LNFR	593454
Taraldstølen	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	135000	5100 - LNFR	135000
Beitostølen	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
Gardli Nord	5100 - LNFR	40638	3040 - Friområde	26204
Gardli Nord II	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	16031	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	12090
			5100 - LNFR	3941
SP1	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	40985	5100 - LNFR	40985
T1	5230 - Spredt næringsbebyggelse - Framtidig	381690	5100 - LNFR	381690
T2	5230 - Spredt næringsbebyggelse - Framtidig	8900	5100 - LNFR	8900
Haugsynslie	5100 - LNFR	6040	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	6040
Andre område	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
Rolistølen	5100 - LNFR	36202	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	36202
	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	20157	5100 - LNFR	20157
Lykkja	5100 - LNFR	8585	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	8585
Lykkja F-8	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	12806	5100 - LNFR	12806
Grønslie reg.plan	613 - Friluftsområde	2570	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	2570
Robølshøvda, Spredt næring	5230 - Spredt Næring	50298	5100 - LNFR	50298
Robølshøvda, Fritidsbebyggelse	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	7252	5100 - LNFR	7252
Luskeråsen	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
Luskeråsen	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	54771	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	45338
			5100 - LNFR	9433
FR-176-15F (tidl. HL-204-15F)	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	36409	5100 - LNFR	36409
	1120 - Fritidsbebyggelse - Nåverende	5680	5100 - LNFR	5680
HL-186-60	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	188011	5100 - LNFR	166408
HL-186-60			1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	21602
HL-57-20	1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	54150	5100 - LNFR	20673
HL-57-20			1120 - Fritidsbebyggelse - Framtidig	33477

Bustadføremaal:

Det er netto tilbakeført 290 dekar frå bustad til LNFR-føremål (Tabell 2). Det er lagt inn 71 dekar nytt bustadareal. Det er lagt til nytt bustadareal ved Stølsie IV (27,9), 29,4 dekar på Klyppemyrhaugen og 11,8 dekar ved Robølsvegen. Det er teke ut til saman 109,7 dekar bustadareal frå området ved Haukhovdhovda og Hedalssvingen.

Tabell 2. Arealrekneskap knytt til bustadføremål

Boligformål	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
Stølsie III, mot Bygdinveien	5100 - LNFR	2957	1500 - Andre typer bebyggelse og anlegg	2957
Stølsie IV, Ukshøvdvegen	5100 - LNFR	27972	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	27972
Stølsie B-22	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	6099	5100 - LNFR	6099
Klyppemyrhaugen, Sindervegen	1170 - Fritids- og turistformål - Framtidig	16134	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	29484
	5100 - LNFR	13350		
	2800 - Parkering	1304		
Klyppemyrhaugen Sør	5100 - LNFR	7085	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	7085
Klyppemyrhaugen, BB-2-1	5100 - LNFR	1692	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	1692
Skogheim, Skammestein	5100 - LNFR	6226	5210 - Spredt boligbebyggelse - Framtidig	6226
Hedalssvingen Bustad	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	53886	5100 - LNFR	53886
Bustadområde Robølsvegen	5100 - LNFR	6258	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	6258
Robølsvegen Svingen	5100 - LNFR	7827	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	5571
			1160 - Offentlig eller privat tjenesteyting	2256
Heggenes, Haukhovdhovda	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	55866	5100 - LNFR	55866
Heggenes, Gullbakkvegen I	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	2058	5100 - LNFR	4033
		1975		
Heggenes, sentrum	1120 - Boligbebyggelse - Nåværende	1788	5100 - LNFR	1788
Rogne, Sperrevegen	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	129404	5100 - LNFR	129404
Rogne, Haugerud	1110 - Boligbebyggelse - Framtidig	39892	5100 - LNFR	39892

Industri og Næring:

Det er netto tilbakeført 72,5 dekar næringsareal til LNFR-areal (Tabell 3). Kommunalt næringsområde på Raudbrøtmoen er utvida med 28,2 dekar, næringsområde ved Beitostølen er utvida med 5,8 dekar og næringsområdet ved Mørken er utvida med 12,6 dekar. Område til råstoffuttak er sett av i plan i samsvar med konsesjonsområda til verksemdene, og dette er ikkje teke med i arealrekneskapet.

Tabell 3. Arealrekneskap knytt til Industri og næring

Industri og næring	Formål i gjeldande KPA	Areal (m²)	Nytt formål	Areal (m²)
Raudbrøtmoen	5100 - LNFR	32636	3040 - Friområde	4450
			1300 - Næringsvirksomhet - Framtidig	27240
			1800 - Kombinert bebyggelse og anleggsformål	946
Kjerrevegen, Robøle	1300 - Næringsvirksomhet	89012	5100 - LNFR	89012
Beitostølen	1300 - Næringsvirksomhet	11766	1300 - Næringsvirksomhet	8527
	5100 - LNFR	5833	3040 - Friområde	100340
	3040 - Friområde	92096	1110 - Boligbebyggelse - Nåværende	755
Mørken	1300 - Næringsvirksomhet	47986	1300 - Næringsvirksomhet - Framtidig	60542
	5100 - LNFR	12556		
Mørken I-57	1300 - Næringsvirksomhet - Framtidig	24449	5100 - LNFR	24449
Mørken I-40	1300 - Næringsvirksomhet - Framtidig	3413	5100 - LNFR	3413
Grønolen Fjellgard	1170 - Fritids- og turistformål	880	5100 - LNFR	880

Offentlege tenester:

Det er omdisponert totalt 38,45 dekar LNFR-område til nytt reinseanlegg ved Nerreføss, nytt vassbehandlingsanlegg ved Ygna og fire mindre returpunkt for avfall (Tabell 4).

Tabell 4. Arealrekneskap knytt til Offentlege tenester m.m.

Offentlege tenester m.m.	Formål i gjeldande KPA	Areal (m2)	Nytt formål	Areal (m2)
Nerreføss	5100 - LNFR	32240	1500 - Andre typer bebyggelse og anlegg	32240
Ygna, Vassbehandlingsanlegg	5100 - LNFR	3804	1500 - Andre typer bebyggelse og anlegg	3804
Renovasjon, Bumyr	5100 - LNFR	428	1500 - Andre typer bebyggelse og anlegg	428
Renovasjon, Stølsvegen Moane	5100 - LNFR	1661	1500-Andre typer bygge og anleggstilltak	1661
Renovasjon, Rabalsvegen	5100 - LNFR	82	1500 - Andre typer bebyggelse og anlegg	82
Renovasjon, Tverråne - Bakkestøl	5100 - LNFR	240	1500-Andre typer bygge og anleggstilltak	240

Oppsummert vert nye utbyggingsområde som før denne planen var sett av til LNFR-område omdisponert slik:

Føremål	Arealstorleik
Fritidsføremål	77,0 dekar
Bustadføremål	71,1 dekar
Industri og næringsføremål	45,1 dekar
Offentlege tenester m.m.	38,5 dekar

Vi har også gjort ein analyse over kva arealkategoriar som er knytt til framtidige arealføremål i plankartet. Framtidige arealføremål er både nytt areal som er teke inn i samband med denne revisjonen og framtidig arealføremål som blir vidareført frå tidlegare arealplanar. Frå kartbasen kan vi ta ut storleiken på framtidig arealføremål sortert på ulike arealkategoriar. Dette viser følgjande arealkategoriar for det arealet som er lagt inn i plankartet som framtidig arealføremål:

Tabell 5. Arealrekneskap

Arealformål	- Bebyggd (daa)	- Samferdsel (daa)	- Fulldyrka jord (daa)	- Overflatedyrka jord (daa)	- Innmarksbeite (daa)	- Skog (daa)	- Åpen fastmark (daa)	- Myr (daa)	- Ferskvatn (daa)	- Ikke registrert (daa)	- Ial 2025 (daa)	- Ial 2017 (daa)	- dring 2025-2017 (daa)
1110: Boligbebyggelse Framtidig	18,2	5,4	1,4	0,0	3,1	199,1	13,1	12,3	0,0	0,0	252,5	728,7	-476,2
1120: Fritidsbebyggelse Framtidig	70,8	182,8	0,0	0,0	0,6	6964,4	1172,8	1069,7	21,0	0,0	9482,0	11339,1	-1857,1
1130: Sentrumsformål Framtidig	145,4	23,1	8,3	2,2	0,0	10,2	104,7	1,6	0,0	0,0	295,4	187,7	107,7
1150: Forretninger Framtidig	2,1	0,0	1,4	0,0	0,0	0,0	0,5	0,0	0,0	0,0	4,1	4,1	0,0
1160: Offentlig eller privat tjenesteyting Framtidig	1,4	0,8	0,0	0,0	4,1	213,6	0,0	55,7	0,0	0,0	275,6	276,3	-0,7
1170: Fritids- og turistformål Framtidig	15,3	6,0	12,7	0,0	11,1	210,1	31,8	67,9	16,7	0,0	371,6	855,9	-484,3
1200: Råstoffutvinning Framtidig	0,0	1,8	0,2	0,0	0,0	256,1	44,6	66,1	9,5	0,0	378,3	220,0	158,3
1300: Næringsvirksomhet Framtidig	1,9	1,4	0,3	0,0	0,0	218,4	1,4	16,1	0,0	0,0	239,4	463,9	-224,5
1400: Idrettsanlegg Framtidig	6,0	3,4	16,5	0,0	0,0	59,0	341,5	140,4	1,0	0,0	567,8	766,1	-198,3
1500: Andre typer bebyggelse og anlegg Framtidig	0,3	1,2	0,0	0,0	0,0	36,3	4,0	2,3	0,0	0,0	44,2	0,0	44,2
1800: Kombinert bebyggelse og anlegg Framtidig	78,9	6,6	0,0	0,0	0,0	342,8	73,9	54,8	0,0	0,0	557,0	642,9	-85,9
2001: Samferdsel og teknisk infrastruktur Framtidig	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	1,66	0,00	0,00	0,00	0,00	1,7	0,0	1,7
2080: Parkering Framtidig	0,00	1,65	0,04	0,00	0,00	31,91	3,75	7,54	0,00	0,00	44,9	51,9	-7,0
3030: Turdrag Framtidig	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	9,6	-9,6
3040: Friområde - Framtidig	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	121,07	52,13	50,72	0,44	0,00	224,4	195,8	28,6
5100: LNFR areal Framtidig	0,00	2,10	0,00	0,00	0,00	11,32	1,61	6,58	0,00	0,00	21,6	0,0	21,6
5210: Spredt boligbebyggelse Framtidig	0,33	0,00	0,01	0,00	0,00	8,90	0,00	0,00	0,00	0,00	9,2	0,0	9,2
5230: Spredt næringsbebyggelse Framtidig	8,10	4,63	0,00	7,27	38,37	64,60	189,67	28,25	1,24	0,00	342,1	776,8	-434,6
Totalsum	348,7	240,9	40,8	9,5	57,2	8749,4	2035,4	1579,9	50,0	0,0	13111,8	16519,0	-3407,2

Vi ser t.d. at av dei framtidige bustadareala ligg på 3,1 dekar på innmarksbeite, 199,1 dekar på skogsareal og 12,3 dekar på myr. For det framtidige arealet til fritidsføremål på totalt 9482 dekar, ligg 6964,4 dekar på skogsareal, 1172,8 dekar på open fastmark, og 1069,7 dekar på myr. For framtidige næringsområde på totalt 239,4 dekar, er 218,4 dekar lokalisert til skogsområde, og 16,1 dekar lokalisert til myrområde.

3 Samandrag etter plantema

3.1 Bebyggelse og anlegg

3.1.1 Universell utforming


Kommunen har i samfunnsdelen til kommuneplanen vedteke som målsetting at vi skal bli det best tilrettelagde reisemålet for alle uavhengig av funksjonsnivå. For å følge opp denne målsettinga deltek vi m.a. i eit forskingsprogram Accesstour i lag med Beitostølen Helsesportssenter (BHSS), Beitostølen Utvikling og lokale verksemder. Dette programmet er leia av Nordlandsforskning, og vil gå over fire år. Målsettinga med programmet er å utvikle ny kunnskap om korleis reisemål kan leggje til rette for alle på ein god måte. Vi har vidare i samarbeid med BHSS gjort ei kartlegging av delar av Beitostølen sentrum i høve tilrettelegging og tilgjengelegheit.

Fysisk planlegging gjev svært viktige rammer for å sikre god tilrettelegging for alle. Teknisk forskrift set viktige rammer for universell utforming av nye bygg og nye uteområde. Ikkje alle tema vert omtala i teknisk forskrift, m.a. vert ikkje stiar og løyper regulert gjennom den forskrifta. Stiar og løyper er eit svært viktig tilbod for innbyggjarar, deltidsinnbyggjarar og gjester i kommunen. Vi kan gjennom KPA, reguleringsplanar og utbyggingsavtalar velja å gå lengre enn krava i teknisk forskrift, og vi kan gjennom eigne føresegner regulere dei områda som ikkje vert regulert i teknisk forskrift. For eksisterande bygg og uteområde vil kommunen nytte andre verkemiddel for å sikre betre tilrettelegging for alle. Vi syner til kapittel 1.6 i Føresegner og retningslinjer.

3.1.2 Utbyggingsgrense (fjellgrense)

I 2012 tok kommunen utgangspunkt i verneskoggrense vedtatt av fylkeslandbruksstyret (frå 1994). Ved revidering av KPA i 2016 blei grensa flytt innover slik at den var meir tilpassa landskapet og etablerte hytte- og stølsområde. Vi har ved denne revisjonen fått ei utbyggingsgrense som går gjennom heile kommunen frå Nord-Aurdal i sør til Vang i nord. Utbyggingsgrensa er fleire stader flytta nærare bygda.

Hovudmålet med ei utbyggingsgrense gjennom heile kommunen er å avgrense vidare utbygging i svært stor grad og ha eit langsiktig mål om å verne arealet i stor grad mot tiltak, slik at ein etablerer ein langsiktig forventning om arealbruken. Utbyggingsgrensa er som følgjer:



Figur 1. Utbyggingsgrense

Arealbruken nord og aust for utbyggingsgrensa vert styrt av føresegner og retningslinjer. Vi viser til punkt 5.4 i føresegner og retningslinjer.

3.1.3 Infrastruktursoner og spreidd avløp

Arealdelen syner område i kommunen som er definert som omsynssoner H-410, jf. punkt 14 i Føresegner og retningslinjer. Dette er soner der vi stiller krav til infrastruktur og område utan offentleg vatn og avløp. Sonene er vidareført frå gjeldande arealplan (arealdelen til kommuneplanen 2016-2028) og kommunedelplanar (KDP Beitostølsområdet 2011-2023, kommunedelplan for Gravfjellsområdet 2013-2025, kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, handlingsplan spredd avløp 2019-2028 og handlingsplanprogram VVA datert 29.04.2021). Infrastruktursoner er oppdatert i plankartet. Det er fire forskjellige omsynssoner for infrastruktur, H-410-VA (Vatn og avløp), H-410-VAF (Vatn, avløp og fjernvarme), H-410-M (Mellsenn) og H-410-SA (spreidd avløp). I desse sonene gjeld plan- og bygningslova sine reglar i § 27-1 andre til fjerde ledd og § 27-2 andre til fjerde ledd også for fritidsbusetnad, med heimel i plan- og bygningslova § 30-6. Ut frå kostnadsmessige og praktiske årsaker vil det i enkelte område vere naudsynt med separate anlegg også innanfor soner med krav om infrastruktur. Desse sonene er definert som H-410-SA.

Handlingsprogram VVA og Handlingsplan for spreidd avløp, vil spesifisere kva type vatn- og avløpsanlegg som skal leggst til grunn i dei ulike områda. Det er difor viktig at handlingsplanar er oppdaterte og at det til ein kvar tid er gjeldande handlingsplan for området som legg grunnlaget for kva løysing som kan nyttast.

Det er vanskeleg å sei korleis framdrift for utbygging av offentleg VA-nett blir i planperioden. Handlingsplanprogrammet for VVA, vart revidert av kommunestyret den 29.04.2021, og revideringa er vidareført i arbeidet med arealdelen. Handlingsplanane er eit viktige hjelpemiddel og styringsverktøy i perioden.

Kommunedelplan for vassmiljø-vassforsyning-avløp 2018-2028, vedteke av kommunestyret 15.02.2018, er utarbeida for forvaltningsområda vassmiljø, vassforsyning og avløp. Dette legg til rette for å sjå mål og område i samanheng, noko som også skal bidra til å nå mål i høve til vassforskrifta om vern og berekraftig bruk av vassførekomstane.

Vassforskrifta sitt føremål er å sette rammer for fastsetjing av miljømål som skal sikre eit mest mogleg heilskapleg vern og berekraftig bruk av vassførekomstane jf. EUs rammedirektiv for vatn (vassdirektivet). Forskrifta skal sikre godkjente vassforvaltningsplanar med tilhøyrande tiltaksprogram som vert revurdert og oppdatert kvar sjette år. Gjennom vassdirektivet er kommunen plikta til å sikre at tilstand i vassdraga har ein økologisk- og kjemisk er god eller betre enn god.

Jf. vassforskrifta § 4, skal tilstanden til overflatevatn vernast mot skjemming, utbetrast og gjenopprettast med sikte på at vassførekomsten skal ha god økologisk og kjemisk tilstand.

Generelt

Øystre Slidre kommune har om lag 1500 private avløpsanlegg, der ca. 800 er tilknytt hytter og ca. 700 er bustader. Det er fem kapittel 13 -anlegg (Haugseter, Yddin, Vangsjøen, Bjødnahelet og Nedrefoss).

Om lag 300 av anlegga ligg i område definert som H-410-SA (spreidd avløp). Det er 64 anlegg (33 stk. Rennsenn og 31 stk. Yddin) som ligg i nedslagsfelt til vassførekomstar med moderat økologisk

tilstand. Det er om lag 970 brukseiningar (adresser) innanfor H-410-SA. Dette er allereie bebygde eller fradelte tomter som er definert som *Noverande fritidsbusetnad* eller *bustad* utan krav om reguleringsplan. Det vil ikkje vere mogleg å opprette nye grunneigedomar i desse sonene utan at det ligg føre reguleringsplan.

Det er om lag 800 anlegg som ligg innanfor infrastrukturene omtala som H-410-VA, ca. 330 anlegg ligg i område *fjell* og ca. 570 anlegg ligg i område *bygd*. I desse sonene skal brukseiningar med innlagt vatn koplatt til offentleg vatn og avløpsanlegg.

Dei resterande 400 anlegga ligg i område utanfor infrastrukturene, utan moglegheit til tilkopling til offentleg vatn og avløp.

Ved ny aktivitet eller nye inngrep som kan råke ein vassførekomst, skal tiltaket vurderast etter vassforskrifta § 12 der det står:

«Ny aktivitet eller nye inngrep i en vannforekomst kan gjennomføres selv om dette medfører at miljømålene i § 4-§ 7 ikke nås eller at tilstanden forringes, dersom dette skyldes:

- a. nye endringer i de fysiske egenskapene til en vannforekomst eller endret nivå i en grunnvannsforekomst, eller*
- b. ny berekraftig aktivitet som medfører forringelse i miljøtilstanden i en vannforekomst fra svært god tilstand til god tilstand.*

I tillegg må følgende vilkår være oppfylt:

- a. alle praktisk gjennomførbare tiltak settes inn for å begrense negativ utvikling i vannforekomstens tilstand,*
- b. samfunnsnyttene av de nye inngrepene eller aktivitetene skal være større enn tapet av miljøkvalitet, og*
- c. hensikten med de nye inngrepene eller aktiviteten kan på grunn av manglende teknisk gjennomførbarhet eller uforholdsmessige store kostnader, ikke med rimlighet oppnås med andre midler som miljømessig eller vesentlig bedre.*

Der ny aktivitet eller nye inngrep er gjennomført i planperioden, skal begrunnelse for dette gjengis i oppdatert vannforvaltningsplan. Dersom det er gitt tillatelse til nye aktiviteter eller nye inngrep, skal dette også fremgå av vannforvaltningsplanen.»

Jf. 2.3 Veiledning til bruk av vannforskriften § 12 – med presisering, punkt 2.3 står det:

«Det følger indirekte av § 12 at ny virksomhet som ikke hindrer at miljømålene nås, eller som ikke medfører at tilstanden forringes, kan tillates utan at vilkårene i annet ledd vurderes. Slike tiltak skal kun behandles etter sektorloven.»

Infrastrukturene definert som H-410-SA (spreidd avløp) og område for spreidd avløp i arealdelen er område med eksisterande busetnad/fritidsbusetnad. Arealføremålet i dessa områda skal i utgangspunktet ikkje endrast. Dersom det skal opprettast nye eigedomar i infrastrukturene H-410-SA, må det gjerast gjennom reguleringsplan eller dispensasjon, inkl. ei vurdering av § 12 i vassforskrifta. Det same gjeld for område for framtidig busetnad.

Ut frå dokumentasjon frå Vann-nett og kommunen sitt register for spreidd avløp, i tillegg til tilsynsordning og planlagd revidering av handlingsplan for spreidd avløp, er § 12 er ivareteke og på kommuneplannivå, og nye tiltak i områda der spreidd avløp er einaste moglegheit vil ikkje forringe tilstanden i vassførekomstane.

For eksisterande eigedomar som søker som utleppsløyve i område for spreidd avløp, må tiltakshavar dokumentere at tiltaket er i tråd med gjeldande forskrifter og sikre at kvaliteten i vassførekomsten ikkje forringast, jf. § 12 i vassforskrifta.

I område med infrastruktursone H-410-VA, skal brukseiningar med innlagt vatn koplast til offentleg vatn og avløpsanlegg.

Vassførekomstar i Øystre Slidre kommune

Om lag 9,5% av Øystre Slidre kommunes areal er vatn og vassdrag. Øystre Slidre er del av vassdragsområde Drammensvassdraget og det er registrert 86 vassførekomstar i kommunen, sjå tabell nedanfor. SVMF betyr *svært modifisert vassførekomst*.


Registrerte vannforekomster

VANNKATEGORI	ANTALL	SVMF	STØRRELSE
Elv	53	4	2.178,495 km
Grunnvann	7	0	6,92 km ²
Innsjø	26	4	93,769 km ²
Kystvann	0	0	0 km ²
Totalt	86	8	

Figur 2. Oversikt over vassførekomstar i Øystre Slidre, frå Vann-nett juni 2025

Økologisk tilstand

Den økologiske tilstanden i vatn referer til korleis det biologiske mangfaldet og abiotiske forholda er i ein vassførekomst, som elv eller innsjø. Ein god økologisk tilstand betyr at artane som lev i vassførekomsten har gode levevilkår og det er få avvik frå naturleg tilstand.



Figur 3. Økologisk tilstand frå Vann-nett juni 2025

Vi ser ut frå tabellen at det er 83,1 % av vassførekomstane i Øystre Slidre som har god tilstand eller betre. Dei resterande 16,9 % har moderat tilstand og er fordelt på 12 vassførekomstar. Vassførekomstar med moderat tilstand som ikkje er tråd med miljømåla er vist i tabellen nedanfor.

Tabell 6. Vassførekomstar med moderat tilstand som ikkje er i tråd med miljømåla

Vassførekomst - ID	Vassførekomst - namn	Økologisk tilstand	Kjemisk tilstand
012-1016-R	Volbuelva	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1018-R	Heggefjorden, bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1019-R	Volbufjorden, bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1616-R	Rauddøla nedre del	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1620-R	Hovsfjorden og Østre Slidreåne bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-1735-R	Steinsetfjorden bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert

002-1743-R	Bekk mellom Nedre Heimdalsvatnet og Øvre Heimdalsvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
002-2476-R	Leirungsåe	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3116-R	Ydding bekkefelt	Moderat	Ikkje klassifisert
012-3117-R	Trollåsåni	Moderat	Ikkje klassifisert
012-33045-L	Reinsennvatnet	Moderat	Ikkje klassifisert
012-616-L	Yddin	Moderat	Ikkje klassifisert


Steinsetfjorden bekkefelt, bekk mellom Nedre- og Øvre Heimdalsvatnet og Leirungsåe, er ikkje råka av avrenning frå spreidd busetnad eller hytter.

Kjemisk tilstand


Kjemisk tilstand i ein vassførekomst syner til konsentrasjonar av kjemiske stoff i vatnet.

Stoffa kan utgjera ein risiko for vassmiljøet og helsa til levande organismar. Vassførekomsten har god kjemisk tilstand når:

- Konsentrasjonen av prioriterte miljøgifter (som tungmetall, plantevernmidlar, industrikjemikaliar osv.) er under fastsette miljøkvalitetsstandardar.
- Det ikkje førekjem langvarige eller omfattande overskridingar av disse stoffa.
- Det ikkje er påvist økologisk skade som følgje av kjemisk forureining.



TILSTAND	ANTALL	PROSENT %
God	7	8,9 %
Dårlig	1	1,3 %
Ikke klassifisert	71	89,9 %
Alle	79	100 %




Figur 3: Kjemisk tilstand frå Vann-nett juni 2025

Jf. Vann-nett er det 8,9 % (7 stk.) av vassførekomstane som har god tilstand, 1,3 % (1 stk.) har dårleg og heile 89,9 % (71 stk.) som ikkje er klassifisert.

Vassførekomsten med dårleg kjemisk tilstand er Øvre Heimdalsvatnet. Det er ingen påverknad av spreidd avløp til vatnet.

Påverknad på vassførekomstar.


Vassførekomstar kan bli råka av vår arealbruk og av forskjellige tiltak som blir utført. Jf. Vann-nett sine sider ser vi at *Diffus avrenning frå spreidd busetnad* råkar 45 vassførekomstar. 27 vassførekomstar blir råka av diffus avrenning frå hytter og 18 frå spreidd busetnad.




Figur 4 Påverknad på vassførekomstar i Øystre Slidre kommune frå Vann-nett juni 2025.

Tilstand på private avløpsanlegg.

Handlingsplan for spreidd avløp «Handlingsplan for spreidd avløp 2019-2028», blei vedteke av kommunestyret den 25.04.2019. Planen skal i hovudsak syne planlagd gjennomføring av tiltak i område med spreidd avløp, både med omsyn til geografisk plassering og planlagd framdrift for etablering av VA-nett med sentrale eller lokale reinseanlegg. I samband med handlingsplanen blei det gjennomført ei kartlegging (risikoanalyse) av private avløpsanlegg. Informasjonen er henta ut frå register til kommunen januar 2016. Sidan 2016 har tal private avløpsanlegg auka med om lag 300 stk. Konklusjon etter kartlegginga var at ca. 70-80 % av anlegga ikkje er tråd med dagens standard.



Figur 5. Risikovurdering - Handlingsplan for spreidd avløp



Figur 6. Risikokart – Handlingsplan for spreidd avløp

I kor stor grad anlegga råkar vassdraga negativt er usikkert, men ut frå risikokartet er det berre området rund Rennsenn det er høg risiko, og den økologiske tilstand er moderat. Det er eit teikn på at tiltak må prioriterast i dette området.

Tiltak for å betre tilstanden i vassførekomstane

Handlingsplan spredt avløp 2019-2028, skal reviderast så den er oppdatert etter dagens situasjon og forhold. Det vil gje betre oversikt og blir eit viktig verktøy for å kunne nå miljømåla. Kommunen har relativ god oversikt over private avløpsanlegg gjennom kommunens sitt avløpsregister i KOMTEK. Der blir det registrert opplysningar og avvik ved tøyning av anlegg. Informasjon om komponentar i anlegget med bilete og anlegget sin risiko blir også registrert.

Det skal først tilsyn på alle private avløpsanlegg i kommunen minimum ein gong kvart femte år jf. vedtak i kommunestyret KS-121/19. Det skal prioriterast område der vassførekomsten har moderat økologisk tilstand, i tillegg til område som har høg risiko jf. handlingsplan for spreidd avløp.

Det er starta med forarbeid med tilkopling til offentleg vatn- og avløpsnett for brukseiningar som ligg i område *bygd* innanfor infrastruktursone H-410-SA. Dette vil bidra til redusering av avrenning frå gamle private anlegg i bygda.

Både handlingsplanprogram VVA og handlingsplanprogram for spreidd avløp 2019-2028, skal reviderast etter at arbeidet med KPAen er vedteken.

3.1.4 Bruksendring

Dette vil i hovudsak vere snakk om bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Utgangspunktet er at bruksendring ikkje er tillate med mindre det er i tråd med vedteke arealføremål. Er det i tråd med arealføremålet er det likevel ein del krav som må vera oppfylt før ein kan godkjenne ei endring i matrikkelen.

Retningslinjer og føresegnar inneheld vilkåra for å kunne gje varig eller midlertidig bruksendring, jf. punkt 3.

3.1.5 Parkering

Vi har i føresegnar og retningslinjer sett ei norm for parkeringsplassar til ulike føremål, jf. punkt 4.1.4 og vilkår for å nytte frikjøpsordning for etablering av parkeringsplassar. Norma er:

- bustader – 2 plassar per eining
- fritidsbustader – 2 plassar per eining
- hotell og overnattingsstad – 0,5 plassar per gjesterom
- serveringsstader – 1 plass per 15 m² bruksareal
- leilegheitsbygg – differensiere etter storleik.

Frikjøp av parkeringsplassar er ei frivillig ordning. Dersom kommunen og utbyggar vel å inngå ein avtale som fritar utbyggar frå å bygge ut parkeringsplassar i samsvar med vedtatt reguleringsplan, er det kommunen som overtek ansvaret for å bygge ut parkeringsplassar og tek ansvar for å sørge for at området har eit tilstrekkeleg og funksjonelt parkeringstilbod.

3.1.6 Sentrumsutvikling

I samfunnsdelen av kommuneplanen under kapittelet om arealstrategi heiter det:

- *«Me skal utvikle Heggenes som eit tydlegare kommunesenter, ved m.a. å leggje til rette for nye tilbod og fylle tomme og ledige bygg med aktivitet.*
- *Me skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar og senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande.»*

I planprogrammet til arealplanen heiter det at vi skal definere tettstadgrense for Heggenes og sentrumsgrense for Beitostølen. Problemstillingane er ulike for kommunesenteret og tettstaden Heggenes og for sentrumsfunksjonane på Beitostølen. Vi viser til drøftingsnotat for sentrumsutvikling.

Eit grunnlag for å vurdere strategiar for utvikling av tettstaden Heggenes er moglegheitsstudien vi gjennomførte for Heggenes–Tingvang i 2020. Den viste følgjande bilete av situasjonen på det tidspunktet:




Figur 7. Servicetilbud, arbeidsplassar og bustadar innanfor gangavstand (800 m radius) til Heggenes og Tingvang (Rapport Moglegheitsstudie Heggenes og Tingvang 2020)

Resultatet frå medverknadsprosessen gav både eit tydeleg bilete av korleis deltakarane opplever tettstaden i dag og kva dei ønskjer å få til i lokalsamfunnet sitt. Medverknadsprosessen tydeleggjorde også at det finst ei levande dugnadsånd i lokalsamfunnet, som kommunen kan nytte seg av.

Moglegheitsstudien gjev følgjande prioriterte tema:

1. Utvikling av Furustrand
2. Bruk av eksisterende bygninger og etablering av nye bygninger
3. Helsetunet – torg – Coop
4. Identitet.

Ved etablering av Heranglie bustadfelt, som bind saman Heggenes og Tingvangområdet, vil vi i kommunale dokument omtale området frå Storefoss/Tingvang i sør til gamle sjukeheim i nord som kommunesenteret Heggenes. Dette vil skape samsvar mellom den nasjonale definisjonen på eit kommunesenter (der kommunehuset med ordførar og kommunedirektør er lokalisert) og bruken av omgrepet kommunesenter i Øystre Slidre.



Figur 8. Sentrumsområde for kommunesenteret Heggnes

Sentrumsområdet for Heggnes har følgende strategi for arealutviklinga, jf. punkt 4.4 i Føresegner og retningslinjer:

- Utbygging av nye område for næring og konsentrert bustadbygging i midtre del av kommunen skal skje innanfor tettstadgrensa for Heggnes. Utanfor tettstadgrensa skal LNF-føremålet ha prioritet.
- Butikkar og anna privat tenesteyting skal lokaliserast til eksisterande bygningar eller i nye utbyggingsområde innanfor ein avstand på maks 400 meter frå torget i Heggnes (området mellom Helsetunet og Coop). Innanfor dette området vert det også tillate med ny bustadbygging med tett utnytting (leilegheiter). Det vert ikkje gjeve løyve til støyande eller skjemmande næringsverksemdar i dette området.
- Lokalisering av nye offentlege helsetenester skal skje i nærleiken av Helsetunet. Området ved ØSUS skal nyttast til skuleføremål og aktivitetar som naturleg knyter seg til det, t.d. nærmiljøanlegg, idrettsanlegg, «ungdoms»-park.
- Arealkrevjande næringar skal lokaliserast ved Raudbrøtmoen næringsområde.
- Furustrand skal bevarast og utviklast som det sentrale friområdet for tettstaden og for heile kommunen, med trygg tilkomst til området for gåande og syklende.
- Tilkomsten til og bruken av nærfriluftsområda for Heggnes (Løkkjeskogen - Haughøgds hovda –Vindin, langs Vindin og Herrangtunet –Løkkjehovd) skal sikrast.
- Det skal etablerast trafikksikre tilbod for gåande og syklingane innanfor tettstadgrensa, mellom bustadområda og områda for privat og offentlig tenesteyting og friområdet Furustrand.
- Kommunen skal i samråd med Innlandet fylkeskommune avklare løysingar som reduserer barriereverknaden av Bygdivegen gjennom kommunesenteret.

- Kommunen skal i samråd med Innlandet fylkeskommune sikre tenlege kollektivpunkt/busstopp langs Bygdinvegen, med trafikksikre gangmoglegheiter frå bustadområda til desse.
- Ved utbygging av nye område innanfor tettstadgrensa som nyttar dyrkamark skal dette kompensierast med tilsvarende auka nydyrking i kommunen.

3.1.6.2 Beitostølen

Kommunestyret har i samfunnsdelen av kommuneplanen sagt at vi skal vidareutvikle Beitostølen med sine urbane kvalitetar og senter for deltidsinnbyggjarar, tilreisande og fastbuande. I økonomiplanen for 2024-2027 har kommunestyret vedteke følgjande hovudprioriteringar som er relevante for utvikling av Beitostølen:

- Vi skal invitere til Rein naturglede gjennom å:
 - vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå
 - sikre finansiering av fellesgode som stiar og løyper m.v. gjennom selskapet Beitostølen Fellesgoder AS.
- Vi skal i lag med idrettslaget, stadionselskapet og Beitostølen Fellesgoder AS i løpet av 2024/2025 lage ein plan for utvikling og drift av sti- og løypenettet på Beitostølen og ein plan for Beitostølen stadion som gjev auka bruken av stadionområdet gjennom heile året.

Ein langsiktig plan for utvikling av Beitostølen sentrum vil bidra til å gje føreseielege rammer for innbyggjarar og næringsdrivande på Beitostølen. Ein slik plan kan også bidra til å redusere konfliktnivået for vidareutviklinga av Beitostølen.

Overordna mål for utviklinga av Beitostølen sentrum er:


- Vi skal sikre og utvikle det unike ved Beitostølen; det at Beitostølen er lokalisert på fjellet samtidig som Beitostølen sentrum kan tilby urbane kvalitetar.
- Beitostølen skal invitere til oppleving av rein naturglede for alle, uavhengig av funksjonsnivå.
- Vi skal leggje til rette for Beitostølen er ein motor for berekraftig næringsutvikling og verdiskaping i kommunen.

Følgjande arealstrategi skal bidra til å nå desse måla, jf. punkt 4.4 i Føresegner og retningslinjer:

1. Sentrumsavgrensing

Arealplanen definerer ei tettstadavgrensing, ei sentrumsgrense og ei sentrumskjernegrense. Innanfor denne grensa skal offentlege uterom som parkar og aktivitetsområde sikrast. Stiar og løyper skal gå gjennom sentrum og til nærfriluftsområda. Innanfor sentrumsgrensa vert det sett strengare krav til tilgjengelegheit, parkering, estetikk, utnytting, renovasjon m.v. enn utanfor sentrumsgrensa. Innanfor sentrumsområdet er det i dag utvikla urbane kvalitetar. Desse kvalitetane vert vidareutvikla ved utbygging av infrastruktur og offentlege uterom, ved utbygging av ikkje utbygde område og ved transformasjon av område som i dag vert nytta ekstensivt og med manglande urbane kvalitetar.

Plankartet gir følgjande avgrensing av Beitostølen sentrum:



Figur 9. Sentrumsområde for Beitostølen, med sentrumskjernen i midten, sentrumsområdet og tettstadavgrensinga.

2. Funksjonar som skal lokalisrast i sentrum

Sentrumsgrrensa definerer kva funksjonar som skal lokalisrast innanfor sentrum og ikkje ander stader på Beitostølen. Vi legg ABC-metoden for fysisk planlegging til grunn for lokalisering av aktivitet. Målsetjinga med ABC-metoden for Beitostølen sentrum er å:

- Sikre best mogleg gjensidig tilgjengelegheit mellom næringsverksemd/handel/tenester, kundar/brukarar/besøkande og arbeidstakarar.
- Sikre eit godt sentrumsmiljø ved å unngå støy og luftforureining m.v.
- At lokalisering av næringsverksemdar skal gje mindre bilbruk/bilavhengigheit.


Funksjonar og føremål som naturleg høyrer til eit sentrum så som detaljhandel, restaurantar og anna privat tenesteyting vert lokalisert i sentrumskjernen. Innanfor sentrum vert det lagd til rette for nye bustader og fritidsbustader. Desse bør vera knytt til sentrum og sentrumsbiletet, slik at dei bidreg til å aktivere området. For fritidsbustader innanfor sentrum vert det lagd til rette for «varme senger», dvs. at fritidsbustaden er tilgjengeleg for leige, jf. punkt 4.5 i Føresegner og retningslinjer.

3. Offentleg tilgjengelege uterom som parkar og torg, gjennomgåande grøntstrukturar, sti- og løypenett

Offentleg tilgjengelege uterom er ein av dei viktigaste kvalitetane ved Beitostølen sentrum i dag, og ein kvalitet som skal vidareutviklast. Dette skal skje ved at:

- Bergojordet blir utvikla og teke i bruk som hjarta av Beitostølen heile året. Funksjonar som støtter opp om utvikling av dette uterommet vert lokalisert inntil Bergojordet.
- Liastølen vert sikra og utvida som ein dokumentasjon på utviklinga av Beitostølen og som ein offentlig tilgjengeleg park.

- Aktivitets- og idrettsområdet i heisområdet skal vera kopla på sentrum og vera tilgjengeleg via gang/sykkelsamband og ski-inn/ski-ut frå store delar av sentrum.
- Det skal leggjast til rette for utvikling av fleire torg og urbane offentleg tilgjengelege plassar, mellom anna ved velkomstsenteret og Bitihorn (jf. reguleringsplan for sentrum), ved kollektivknutepunktet/busshaldeplassen, ved Radisson hotell.
- Det skal sikrast ein gjennomgåande grøntstruktur nord-sør som ein viktig del av landskapsbiletet og for å sikre bruksfunksjonar og økologiske funksjonar.
- Det skal vidareutviklast eit gjennomgåande universelt sti- og løypenett gjennom sentrum og ut til dei sentrumsnære friluftsområda med følgjande hovudstruktur:



Figur 10. Sti. Tilrettelagt sti- og løypenett gjennom sentrum på Beitostølen. Inntil 7% stigning, maks 10% stiging over kortare strekningar

Hovudnettet bør vera tilrettelagd for bruk i alle fire årstider og for alle uavhengig av funksjonsnivå, noko som inneber:

- Planfrie kryssingar med køyreveg
- Minimum 6 meter breidde, med 3 meter grusa gangveg i midten og 1,5 meter grasdekke på kvar side
- Tilrettelegging for tidlegløype, dvs. god drenering og grusa eller liknande dekke
- God skilting for alle
- Tilrettelegging med benker eller liknande sommarhalvåret for dei som treng kvileplassar

Areal for dette hovudnettet bør vera regulert og i kommunal eige, jf. kommunestyrevedtak om det.

4. Krav til bygningsstrukturar, typologi

For fjelldestinasjonar er det ein samanheng mellom bygningstype som blir bygd og utvikling av området sin identitet og attraktivitet. I sentrumsområdet skal det utviklast ein bygningstype for leilegheitsbygg, hotell m.v. som gjev Beitostølen ein forsterka identitet og estetisk uttrykk, jf. punkt 4.4 i Føresegner og retningslinjer. Bygningstypen skal leggje til rette for ein kompakt fjellandsby og bruk av berekraftige og klimavenlege utbyggingsløyser og materialval, tett- og arealeffektiv utnytting.

5. Utnytting, byggehøgder og maks/min BRA

Innanfor sentrumsavgrensinga vert det ved nye reguleringsplanar stilt krav om minimum utbygging av BRA (100 %) for å sikre ein effektiv arealbruk. Byggehøgda vil innanfor sentrumskjernen vera inntil 5 etasjar, men kan i enkelte tilfelle vera over det. For å sikre tilstrekkeleg kvalitet ved uteområde rundt leilegheitsbygga vert BYA sett til maks 40 %.

6. Krav til parkering, parkeringsløysingar og kollektivtilbod

Innanfor sentrumsområde og i område med god tilkomst til kollektivknutepunkt vil krav til parkeringsdekking bli sett lågare enn i andre område, då ein større del av transporten skal kunne gjennomførast utan bruk av bil. Minst mogleg av arealet på bakken i sentrumskjernen skal nyttast til overflateparkering. Ved nye reguleringsplanar skal parkeringa løysast ved parkeringsanlegg under bakken eller ved frikjøp frå parkeringskravet, jf. punkt 4.1.4 i Føresegner og retningslinjer. Frikjøpsordninga vert nytta til å etablera fleire mindre parkeringsanlegg i sentrum i kombinasjon med andre føremål.

Kollektivtilbodet skal bidra til redusert bruk av privatbil og skal i samråd med næringa utviklast etter følgjande hovudlinjer:

- Nytt kollektivknutepunkt ved eksisterande busshaldeplass for tilreisande til Beitostølen.
- Leggje til rette for ein shuttlebuss-løysing i og gjennom sentrum til viktige utfartsplassar som Beitostølen stadion, Garli m.v. i kombinasjon med tilbod om bil- og sykkeldeling. Det skal leggjast til rette for nye miljøvenlege og tekniske løysingar for lokaltransporten.

7. Krav til sentrumsrenovasjon

Innanfor sentrumsområdet skal det ved nye reguleringar setjast krav om at hushaldningsavfallet frå fritidsbustader og bustader skal oppbevarast kjeldesortert innomhus eller i nedgraven løysingar utomhus. Næringsavfall skal også oppbevarast innomhus eller på andre måtar skulde frå det offentlege rommet.

8. UU/tilrettelegging for alle

Vi har som målsetting at kommunen skal vera det best tilrettelagde reisemålet i Norge for alle, uavhengig av funksjonsnivå. Det set særskilte krav til nye bygg og uteområde. Krav til nye bygg vert sikra gjennom teknisk forskrift. Vi vil sikre krav om tilgjengelegheit for uteområde gjennom føresegnar i KPA og i framtidige reguleringsplanar og ved eigne utbyggingar.

3.1.7 Bustad

I samband med revidering av arealplanen har vi vurdert behovet for areal til bustadføremål i kommande periode, med bakgrunn i forventa og ynskt folketalsutvikling. Målsettinga til kommunestyret er at innbyggartalet skal liggje på dagens nivå og minst auka med i gjennomsnitt 1 % i året i planperioden, noko som vil gje 3666 innbyggjarar innan 12 år. Tal viser at i tettbygde strøk i kommunen har innbyggartalet auka markant dei siste åra, i gjennomsnitt med 30 innbyggjarar pr. år, med tilsvarande reduksjon i spreiddbudde strøk.

Legg vi til grunn at folkeveksten framleis vil kome i tettbygde strøk vil vi ha omtrentleg 360 fleire innbyggjarar i tettbygde strøk av kommunen i slutten av planperioden. I gjennomsnitt bur det 2,1 menneske per husstand, noko som inneber at vi har behov for om lag 170 nye bueiningar på Heggnes og på Beitostølen. Vi har tilstrekkelege reservar for bustadareal sør og midt i kommunen, men ikkje nord i kommunen. For å sikre tilstrekkeleg bustadareal må regulert bustadområde takast i

bruk, eksisterande bustadområde (Stølsleie og Klyppemyrhaugen) må utvidast og utviklast og det vert opna for å fortetta i eksisterande bustadområde, jf. drøftingsnotat om bustad.

3.1.7.1 Folketal og utvikling

2. kvartal 2024 var det 3306 innbyggjarar i Øystre Slidre kommune. I 2022 auka folketalet med 39 innbyggjarar, medan det gjekk ned med 10 innbyggjarar i 2023. Folketalet vil ifølgje SSB halda seg stabilt dei neste ti åra (sjå tabell 2). Legg vi til grunn ein årleg befolkningsvekst på 1 % vil folketalet ligga på 3683 innan 12 år. Det ville bety større vekst enn SSBs tal for høg nasjonal vekst. Tar vi utgangspunkt i aldersfordelinga i tala frå SSB vil ein høg del av denne veksten ligge i gruppa eldre menneske medan dei andre gruppene vil liggje stabilt eller ha nedgang.

Tabell 7. . Framskrive folketal 1. januar, etter region, kjønn, alder, statistikkvariabel og år (SSB - 12882: Framskrive folkemengd etter kjønn og eittårig alder (K))

3453 Øystre Slidre		Hovudalternativet (MMMM)				Høy nasjonal vekst (HMH)			
		2022	2023	2030	2050	2022	2023	2030	2050
Menn	0-19 år	366	363	308	283	368	367	330	345
	20-64 år	915	911	888	756	923	920	903	831
	65 år eller eldre	357	370	439	559	358	372	447	597
Kvinner	0-19 år	292	284	281	256	295	288	299	313
	20-64 år	891	888	833	744	894	892	851	818
	65 år eller eldre	401	407	470	557	402	409	474	587
SUM		3222	3223	3219	3155	3240	3248	3304	3491

I kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) er sentrum definert som Beitostølen og Heggenes. Under spørjeundersøkinga i mars 2022 spurte vi mellom anna kor folk ønskjer å bu. Av kommunen sine 3254 innbyggjarar svara 742 på undersøkinga, noko vi meiner er ein svært god svarprosent. Svara viser at 16 % føretrekk Heggenes medan 20 % føretrekk Beitostølen. Det vil sei at omtrentleg 36 % ønskjer å bu i det som i arealplanen er definert som sentrum i kommunen. Historikken dei siste tjue åra viser den same trenden, og viser at folketalet i tettbygde strøk aukar medan den går ned i spreiddbygde strøk.

Tabell 8. Folketal dei siste 20 år i Øystre Slidre kommune, fordelt på tettbygd og spreiddbygd

	Folkemengd	Folkemengd
Årstal	Tettbygd strøk	Spreidd-bygd strøk
2021	974	2259
2020	863	2363
2019	867	2337
2018	862	2351
2017	900	2337
2016	889	2322
2015	877	2310
2014	896	2305
2013	886	2307
2012	867	2299

2011	852	2310
2009	604	2556
2008	614	2547
2007	362	2781
2006	363	2746
2005	369	2718
2004	370	2716
2003	376	2683
2002	382	2633
2001	381	2599

3.1.7.2 Eksisterande tal bustader i kommunen og framskrivingar av bustadbehovet

Dersom vi trendframskriv på bakgrunn av historiske tal for faktiske realiserte bustadbygg i kommunen og legg til grunn 1) gjennomsnittet for dei siste 8 år, og 2) utbygginga av nye bueiningar i 2021, vil vi i planperioden ha behov for 192-420 bustader i Øystre Slidre kommune i 2035. Desse tala kan representere rammer for bustadplanlegginga i planperioden.

Tabell 9. 06265: Bustader, Øystre Slidre k., etter statistikkvariabel, region, bygningstype og år (<https://www.ssb.no/bygg-bolig-og-eiendom/bolig-og-boforhold/statistikk/boliger>). Statistikken bygger på opplysningar i matrikkelen

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Einbustad	1381	1399	1399	1406	1425	1430	1428	1448	1453
Tomannsbustad	160	161	164	160	147	147	161	158	157
Rekkehus, kjedehus og andre småhus	44	48	48	47	50	51	51	51	51
Bustadblokk	16	16	16	16	16	16	22	22	22
Bygning for bufellesskap	39	39	39	41	39	40	40	58	58
Andre bygningstypar	16	18	18	19	30	28	29	29	29
Bustadbygg samla	1656	1681	1684	1689	1707	1712	1731	1766	1770
Årleg endring		25	3	5	18	5	19	35	4

3.1.7.3 Samla vurdering av tomtereseve og tomtebehov

Ser vi på samla reserve for kommunale tomter er den god både sør og midt i kommunen. På Beitostølen er reservane av kommunale tomter mindre. Dette biletet blir forsterka av at salet av kommunale tomter i seinare år har vore klart størst i dette området. Målsetting i KPS om å doble tal gjestedøgn vil også trekke i retning av auka busetting på Beitostølen. Vi vurderer tomtereserven sør og midt i kommunen til å vera tilstrekkeleg i planperioden, og at det ikkje er behov for nye tomteområde i denne delen av kommunen. Nord i kommunen er det behov for tilgang på fleire bustadtomter i planperioden.

3.1.7.4 Bustadstrategiar for Beitostølenområdet

Vi ser at mange i dag ønsker å bu på i nærleiken av Beitostølen, og realisering av målet til kommunen om auka tal gjestedøgn og deltidsinnbyggjarar vil trekke i retning av auka busetnad på Beitostølen. Vi legg til grunn følgjande strategi i prioritert rekkefølge for å sikre tilstrekkeleg bustadareal i og rundt Beitostølen:

1. Ta i bruk areal som i dag er regulert eller sett av til bustadføremål ved at desse areala vert bygd ut i privat regi eller ved kommunal overtaking og tilrettelegging av areala. Dette gjeld områda B4 ved Bergojordet og dei ikkje utbygde delane av i og i tilknytning til Stølsli III.
2. Utvide eksisterande bustadområde a) nord-vest for Klyppemyrhaugen b) nord-aust for Stølsli III.
3. Fortetting av eksisterande bustadområde i Stølsli I og II. Dette kan både gjelde private tomter ved å endra føresegner i reguleringsplan og kommunal eigedom sett av til friområde m.v.

Ved å ta i bruk desse tiltaka ser vi ikkje behov for å etablere heilt nye bustadområde i tilknytning til Beitostølen.

3.1.7.5 Spreidd bustadbygging i LNFR-områda

Spreidd bustadbygging i LNFR-områda har vore og vil framleis vera ein del av bustadforsyninga i kommunen. Fleire ynskjer å bu spreidd, og kommunen vil leggje til rette for det. Føremåla med retningslinene for spreidd bustadbygging i LNFR-områda er å sikre at denne bustadbygginga ikkje kjem i konflikt med andre føremål, m.a. landbruksføremål og miljø.

Vi vil handsame enkeltsøknader om spreidd bustadbygging som dispensasjonar og har difor ikkje sette av areal til LNFR – spreidd bebyggelse. Vi vil leggje til rette for å etablere bustader (deling og bygging) i LNFR-områda når tiltaket er i samsvar med retningslinene punkt 5.1. i Føresegner og retningsliner og vilkåra i PBL § 19-2 er oppfylt.

For utnytting og krav til utforming gjeld plan- og bygningslova § 29-4. Det må vere sannsynleg at etableringa av tomt vil føre til bygging og busetjing innan rimeleg tid, og det vert sett som vilkår for ein dispensasjon at den gjeld i inntil 5 år.

3.1.8 Fritidsbustad

3.1.8.1 Tal fritidsbustader i gjeldande arealplandel

I gjeldande arealplanar er det mange område som er regulert til fritidsbustad eller sett av til framtidig fritidsbustadbygging. Vi har før revidering av arealdelen rikeleg med areal avsett til framtidig fritidsbustadutbygging. Dersom vi legg til grunn at 25-30 % av arealet i eit hytteområde blir til tomter har vi før revideringa arealreservar for fritidsbustader for fleire tiår. Det er i denne arealdelen teke ut store delar av ikkje utbygde område for fritidsbustader, jf. arealrekneskapen i punkt 2.3.

3.1.8.2 Tilbakeføring av areal til LNFR

Arealbruksendringar og beslag på nye areal er ein av dei største trugslane vi står ovanfor både nasjonalt og internasjonalt (Naturpanelet, 2019). Resultatet av dette er tap av viktige leveområde og eit sterkt redusert biologisk mangfald. Vi skal sørge for at det vert gjennomført ei utgreiing av naturtypar og kartlegging av arter i alle område som vert regulert til "1200 - Fritidsbebyggelse - Fremtidig".

I fritidsbustadnotatet vart det gjennomført ei naturkartlegging for områda i Gravfjellplanen, med vekt på følgjande tema:

- Landbruk
- Kulturlandskap
- Naturmangfald
- Kulturminne
- Friluftsliv

Tilbakeføring av dei aktuelle områda til LNFR vil føre til:

- bevaring av viktige kulturlandskap, men utfordring med attgroing
- at arealressursar til beitebruk blir vareteke
- mindre trafikk, som elles ville skape utfordringar for beitenæringa i framtida
- at arealressursar med høg verdi for friluftsliv ikkje går tapt
- at vesentlege kulturminne bli teke vare på
- redusert utbygging på myr, som elles gjev negativ verknad på klima og naturmangfald
- at trekkveggar for elg blir urørte
- at normal forvaltning av verneskog kan halde fram.

Vi viser til arealrekneskapen i punkt 2.3.

3.1.8.3 Nye føresegner og retningslinjer for gjennomføring av Klima+

Vi vil stille tydelege miljøkrav til nye område for fritidsbustader som skal byggast ut gjennom å implementere Klima+ og miljøkrav ved planlegging, utbygging og bruk av fritidsbueiningar. Dette vert gjort ved følgjande endringar i føresegn og retningslinjer for fritidsbustadbygging:

- Ha høg arealutnytting og fokusere på arealeffektivitet (tett framfor spreidd, fokus på sykkelavstand der det let seg gjere, samle fleire funksjonar ein stad og ha korte avstandar)
- Etterspørje klimavenlege løysingar i reguleringsplan og byggesak.
- Fortette framfor å ta nye område i bruk.
- Vi vil ha fokus på utviding av eksisterande område i staden for å bruke «nye» område.
- Meir fokus på grøn mobilitet og transport. Kommunen skal prioritere løysingar for ferdsel til fots, på ski, spark og sykkel.
- Leggje til rette for utvida bruk av solceller.
- Mangfald innanfor utbyggingsområde til fritidseiningar for å stimulere til eit mangfald av deltidsinnbyggjarar – knytt opp mot sosial berekraft.
- Ha større fokus på utleige og deling av fritidseigedomane. Innføre krav til deltaking i utleigeordningar i reguleringsplan og oppfølging i utbyggingsavtalar.
- Ved handsaming av (nye) reguleringsplanar som opnar for sal av hytter og leilegheiter i næringsområde vert det sett krav om at utleigedrifta skal skje som næringsdrift gjennom ei felles utleigeordning. Dette fordi kommunen har lite moglegheit til å kontrollere at hytter og leilegheiter som er regulert til næringsføremål blir brukt i tråd med arealføremålet. Departementet syner i sin tolkingsuttale til at felles utleigeordning er nødvendig for å sikre at utleige skjer, og for å ha moglegheit til å kontrollere bruken.
- I reguleringsplanar for bustadar, fritidseiningar, næringsbygg og ved ny-planlegging av eldre utbyggingsområde, skal det følgje ei utgreiing om energisparande tiltak, bruk av alternative energikjelder og vassboren varme
- Leggje til rette for deleøkonomi gjennom å vera ein pådrivar for at det skal etablerast felles fasilitetar innanfor eit utbyggingsområde. Kommunen fremjar sosial berekraft ved å krevje at det skal vera ein variert samansetjing av storleiken på fritidsbustadar.

- At det skal utarbeidast eit klimagassrekneskap pr. område/bygg, jf. PBL §11-9 nr 8). Klimagassrekneskap blir kravd ved:
 - vesentlege naturinngrep
 - nybygg større enn 1000 m² BRA
 - val mellom riving eller bevaring av eksisterande bygg.
- At forslag til reguleringsplanar og byggesøknadar skal gjere greie for:
 - a. Tiltak som reduserer energibruk.
 - b. Tiltak som reduserer klimagassutslepp og avfall i anleggsperioden.
 - c. Val av energiløysingar og byggemateriale basert på eit klimagassrekneskap.
 - d. Mikroklimatiske forhold (sol, skygge, vind, snø).
 - e. Ved regulering av areal over 5 daa: Klimaeffekt av arealendring på byggegrunn basert på klimarekneskap for arealendring.

3.1.8.4 Utbygningsgrense

Kommunen har ein utbygningsgrense (fjellgrense) som strekker seg gjennom heile kommunen. Hovudmålet med utbygningsgrensa er å avgrense vidare utbygging i svært stor grad og ha eit langsiktig mål om å i stor grad verne areal mot tiltak.

3.1.8.5 Fortetting med kvalitet

Det er ein overordna strategi å fortetta med kvalitet. Fortetting er arealeffektiv utbygging innan område som allereie er bygd ut. Fortetting kan bidra til å redusere belastinga på naturen ved å redusere arealbehovet i kommunen, ved å fortetta i utbygde eller regulerte område framfor å take i bruk nytt areal. Fortetting med kvalitet handlar om å varetake og sikra eksisterande kvalitetar samstundes som nye kvalitetar vert skapt. Eksisterande kvalitetar er mellom anna knytt til natur, landskap, arkitektur og byggjeskikk.

Fortetting kan bidra til tettstad- og sentrumsavgrensing, og vil bli nytta aktivt til dette føremålet. Det må takast omsyn til siktelinjer og landskap for at ikkje bygningane skal stå for mykje ut i landskapet og i horisonten, men verte ein del av ein arkitektonisk heilskapleg tettstad.

I sentrumsområda på Beitostølen og Heggenes må sentrums kvalitetar sikrast, t.d. ved opne og aktive fyrsteetasjar og gjennom attraktive uteområde og møteplassar. Arkitektur og byggjeskikk påverkar korleis folk nyttar ein stad, og eigenskapar som utsjånad, form, storleik, tettleik, høgder, plassering i landskapet og i relasjon til andre bygg påverkar nærmiljøet. For å skape levande sentrum og tettstadar må arkitektoniske og visuelle kvalitetar verte inkludert for å sikra at fortettinga ikkje går på kostnad av lokalt særpreg.

Vi ynskjer å fortetta ved effektiv arealutnytting i sentrumsområde. Innanfor sentrumsområdet og sentrumskjernen på Beitostølen vert det opna for høg arealutnytting og byggjehøgder på inntil fem etasjar, medan det utanfor sentrumsområda kan byggjast inntil tre etasjar. Fortetting i eller i nærleik av sentrumsområde skal sikra urbane sentrums kvalitetar. Opne fasadar og aktive fyrsteetasjar i nye fortettingsområde kan auke kvalitetar i sentrum og gje aktivitet til fleire tider av døgnet.

Nye fortettingsprosjekt skal ha høg arkitektonisk kvalitet, og det skal takast omsyn til lokale særpreg ved arkitektur og byggjeskikk. Nye fortettingsområde skal samsvare med eksisterande bygningar og tradisjonar, og skal tilpassast landskap og terreng, i tillegg til å ta omsyn til korleis bygningane påverkar horisont og siktelinjer.

3.1.8.6 Fritids- og turistføremål - utleigeplikt

I område regulert til fritids- og turistføremål er det etter plan- og bygningslova ein utleigeplikt. Det er eit mål at desse områda blir nytta til «varme senger». Utleigeplikta har vore liberalt praktisert i kommunen, og kommunen ønskjer å halde fram med det inntil vidare, då ein strengare praksis kan få konsekvensar vi ikkje veit verknadene av.

3.2 Næring

Tilgang på næringsareal er viktig for utvikling av sysselsetting og busetting i kommunen. Vi har berre 5 daa ledig næringsareal i Beitostølenområdet og totalt berre 19 daa tilgjengeleg næringsareal i kommunen.

Planlegging av nytt næringsareal legg til grunn ABC-prinsippet, tilpassa forholda i Øystre Slidre. ABC-planlegging er eit prinsipp for fysisk planlegging:

A-område er område som er godt tilgjengelege med kollektivtransport, sykkel og til fots for mange i tettstaden. Verksemdar som bør lokaliserast i A-område er kontor som har mange tilsette og/eller besøkande, og besøksintensive verksemdar og tenester som detaljhandel og anna daglegvarehandel. Dette vil gjelde sentrumsområda på Beitostølen og Heggenes.

B-område er område som har eit større plassbehov enn dei arbeidsplass- og besøksintensive verksemdene i A-områda. Næringane er ikkje ynskjeleg i sentrum då dei et mykje areal som potensielt kunne vore nytta til verksemdar med høgare utnytting. Typiske næringar i B-område er logistikk og plasskrevjande varehandel. God tilgjengelegheit for kundar og besøkande over køyrevegnettet er viktig.

C-område er for verksemdar som kan vera forureinande (t.d. støv og støy) og som bør liggje skjerma frå tettstadene, men liggje nært hovudveg. Verksemdene vil ofte vera arealkrevjande. Næringsarealet som er ledig på Beitostølenområdet er ikkje aktuelt som B- og C-område, men det er i hovudsak det næringslivet etterspør. Næringslivet etterspør m.a. i stor grad større område der dei kan ha lagerplass og drive med meir støyande og sjenerande aktivitet, som ikkje passer seg i sentrum. Det er m.a. behov for areal til snø-deponi, mellomlagring av masser, areal for lagring av utstyr, maskinar m.v., miljøstasjon m.v. Vi treng også C-område både ved Beitostølen og midt og sør i bygda.

Vi viser til drøftingsnotat om næring.

Vi har også verksemdar som driver naturbaserte aktivitetar og oppleving for turistføremål og som treng å liggje tett på fjellet og naturen med tilgang til løyper og stiar, kor dei kan drive verksemda si på ein forsvarleg og trygg måte med faste og flyttbare installasjonar.

3.2.1 Vurdering etter ABC-prinsippet

3.2.1.1 AB-områda

- AB-handel skal leggjast i sentrumskjernen på Beitostølen og sentralt på Heggenes.
- Analysen har vist at det er lite truleg at det er behov for å sette av meir AB areal i planperioden enn det som allereie ligg inne.

3.2.1.2 C-områda ved Beitostølen


Kommunen bør ha eit C-areal i nærleiken av Beitostølen, maksimalt 5 km frå sentrumskjernen og det bør ikkje vera mykje stigning til/frå arealet frå sentrumskjernen. Det bør også liggje langs ein hovudveg/etablert veg, som toler den typen trafikk. C-næringsområdet for Beitostølen bør liggje på strekninga Myhre gard – før Helseportssenteret. Å ha tilgjengeleg C-areal på Beitostølen er viktig både for nye verksemder som ønskjer å etablere seg, eksisterande verksemder som ønskjer større næringsareal og verksemder som i dag er lokalisert i eller nær sentrum og som ønskjer ny lokalisering. Det kan igjen opne for andre verksemder sitt behov for B-areal nærare sentrum.

Næringsområdet på Mørken ligg i kartet. Arealet ligg langs ein etablert hovudveg. Arealet er relativt flatt og vil krevje lite arealinngrep i forhold til mange andre områder. Arealet ligg 4 km unna sentrumskjernen på Beitostølen. Det er ikkje andre hus i nærleik til området. Fylkesveg 51 er etablert for å tole større mengde trafikk. Brukarane av området kan også reise innom næringsarealet til/frå Beitostølen. Området kan delvis skjermast frå hovudveg og er eigna som C-område.

3.2.1.3 C-områda i tilknytning til Heggenes

Analysen som blei gjennomført i drøftingsnotat næring viser at det i planperioden vil vera behov for auka tilgang på næringsareal i midtre del av kommunen.

Areal set av til næringsføremål i dette området vert vidareført i planen som eit framtidig næringsområde. Vidare vil næringsområdet på Raudbrøtmoen verte utvida mot sør med eit areal på omtrent 28,2 daa, sjå omtrentleg avgrensing under:



Figur 11. Forslag til utviding av Raudbrøtmoen

3.3 Omsynssoner

Arealkartet viser omsynssoner, og Føresegner og retningslinjer viser kva omsyn som skal takast i vare i dei ulike sonene. Vi har omsynssoner for kulturmiljø, landbruk, landskap og stiar og løype. Vi viser til kap. 9 i Føresegner og retningslinjer. Ei omsynssone skal forhindre konflikthar og take vare på eit området, t.d. take vare på naturen si evne til vassreinsing, som vassreservoar og flaumbrems ved vassdrag.

I omsynssonar kan inngrep vere regulert, men vanleg skjøtsel som ikkje endrar omsynssona vert ikkje vurdert som inngrep.

3.4 Sikringssoner

3.4.1 Sikringssone 110 – Nedslagsfelt Drikkevann

Rundt drikkevasskjeldene er det sett av sikringssoner med tilhøyrande føresegnar og retningslinjer, for å bidra til god råvasskvalitet. Dette gjeld Olevatn, Vindin, Ringeåne og Mellsenn.

Det er to sikringssoner. Sone 0 er sjølv vasskjelda, og gjeld aktivitet i/på eller rett i nærleiken av drikkevannet. Sone 1 er sikringssone rundt drikkevasskjeldene. Sone 0 og sone 1 erstattar 100-meters-sonane i tidlegare planverk, og er innarbeidd for å sikre tilstrekkeleg varetaking av drikkevasskjeldene våre.

I utarbeiding av retningslinjer for sikringssonene har vi, basert på dei farekartleggingane som er gjennomført, sett på faktorar som kan bidra til å redusere risikoen for ureining av drikkevasskjelda. I teksten nedanfor følgjer presiseringar og forklaringar på enkelte av dei retningslinjene som er gjeldande i arealdelen til kommuneplanen.

1. Utefōring eller annan organisert samling av dyr i utmark, med mindre dette er godkjent særskilt. Ordinær beiting skal kunne halde fram.

Ordinær beiteaktivitet skal kunne halde fram. Saltsteinar kan nyttast i utmark, men plasserast med forsvarleg avstand til drikkevasskjelde, og elver og bekkar som fører til drikkevasskjelda. Plassering av saltstein skal godkjennast av kommunen. Administrasjonen vil i dialog med beitelag og beitebrukarar finne gode løysingar på dette.

Utefōring kan skape ureining i form av avrenning. Med samlingsplassar nær drikkevann kan avrenning til vasskjelda auke, noko som gir større fare for hōgre e.coli-fōrekomst i vatnet. Ved å ha saltsteinar i tilstrekkeleg avstand frå drikkevann vert faren for forureining redusert.

Retningslinja vil også gjelde for anna organisert samling av dyr, til dømes bruk av hundespann. Hundekōying skal berre fōregå på løyper godkjent i sti og løypeplan. Det vert ikkje godkjent løyper som kryssar drikkevasskjelda.

2. Nydyrking skal godkjennast av kommunen.

Nydyrking kan føre til at næringsstoff, partiklar, plantevernmiddel eller andre ureinande stoff hamnar i drikkevasskjelda. Drikkevassforskrifta og vassforskrifta stiller strenge krav til arealbruk i nedbørsfelt og sikringssoner. Målet er å fōrebygge ei ureining. Retningslinja legg ikkje opp til eit generelt forbod mot nydyrking, men presiserer at nydyrking må godkjennast av kommunen. Kommunen som vassverkseigar skal også uttale seg i saka der det gjeld nydyrking i nærleik av drikkevasskjelda.

3. Lagring av gjōdsel, kompost og barkfyllingar, med mindre dette er godkjent særskilt.

Ved fare for avrenning til drikkevasskjelder, skal det som regel ikkje lagrast husdyrgjōdsel. Gjōdselbrukforskrifta stiller krav til lagring av gjōdsel

(<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2025-01-29-115>). Lager skal vere tette og sikre mot lekkasje, og at det skal plasserast med tilstrekkeleg avstand frå vassførekomstar og dreneringssystem slik at det ikkje medfører fare for ureining. Sikringssona for drikkevatn avgjer kva avstand som er «tilstrekkeleg», og lagring av husdyrgjødsel innanfor dette området er difor forbode.

4. Lagring og bruk av plantevernmiddel i fareklasse «Tx- meget giftig», «T-giftig» og «Xn-helseskadeleg». Det kan bli gjort unntak for lagring og bruk av slike produkt til landbruksverksemd, men aldri nærare vatn og tilløp enn 50 meter.

Plantevernmiddel kan skade menneske, dyr og miljø dersom det brukast feil. Hovudregelen er difor at det er forbode å lagre eller bruke slike plantevernmiddel innanfor sikringssona, då dette kan føre til ureining av drikkevatnet.

Det er eit unntak for landbruksverksemd som treng plantevernmiddel i drifta, men aldri nærare enn 50 meter frå vatn og tilløp.

5. Bruk av kloakkslam. Gjødsling elles skal skje i samsvar med gjødselplan.

Det er ikkje tillat å nytte kloakkslam som gjødsel i sikringssona. Kloakkslam kan innehalde bakteriar, tungmetall og andre stoff som kan trenge ned i jorda og ureine drikkevatnet. Gjødsling elles skal skje i samsvar med godkjent gjødselplan.

6. Fast gapahuk, badestamp og liknande installasjonar

Eksisterande etableringar skal kunne nyttast vidare, dersom det ikkje er i direkte nærleik til vatn eller tilløp. Nyetableringar vert ikkje tillat.

7. Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 meter. Eksisterande vegnett skal kunne haldast ved like.

Masseutskifting nærare vatn og tilløp enn 50 meter er som hovudregel forbode. Eksisterande vegnett skal kunne haldast ved like, men det må gjennomførast på ein slik måte at det ikkje aukar fare for ureining av drikkevatnet.

Retningslinja gjeld for grøfting dersom det skal skiftast ut massar. Det vil ikkje gjelde dersom det er flytting og handsaming av eksisterande massar. Det må gjerast ei vurdering om det påverkar drikkevatnet. Det er i utgangspunktet krav om vegetasjonssonar på 2 meter frå vassdraget sin normalavstand.

8. Organisering av fritidsaktivitetar, leirslagning, stemner eller liknande med mindre dette er godkjent særskilt

Desse forboda er knytt til organiserte aktivitetar. Retningslinja vil også gjelde for anna organisert samling av dyr, til bruk av hundespenn. Organisert hundekøyring skal berre gå føre seg på løyper godkjent i sti og løypeplan. Hundeløyper skal ikkje gå over isen, og i forsvarleg avstand frå drikkevasskjelda.

9. Deponi av gjenstandar, avfall, slam eller liknande

Deponi av gjenstandar, avfall og slam er ikkje tillate innanfor sikringssona. Avfall skal leverast til godkjente renovasjonspunkt eller på miljøstasjon. Masser kan berre leverast til godkjent deponi.

10. Bruk av olje- eller oljeprodukt av slikt omfang at stoffa kan gje fare for forureining.

Det som normalt ikkje lagast diesel, bensin eller olje nær vasskjelda, og bruk av olje- eller oljeprodukt i maskiner og anlegg skal ikkje gje fare for forureining. Dersom det er tvil knytt til omfang og bruk av oljeprodukt, kan kommunen kontaktast på førehand for å stadfeste om bruken kan akseptast eller ikkje.

11. Transport av jord eller andre massar inn i området må godkjennast av kommunen.

Ved nye tiltak må det vurderast om det er behov for transport av massar inn i området eller ikkje. Torv er tillat vis det er dokumentert «reint» og ikkje påverkar vasskjelda. Pukk eller betong kan tillatast, men krev vurdering i høve til avrenning og innhald. Veggrus og bærelagsmasse må vurderast ut frå mengde og plassering.

I tillegg gjeld følgjande restriksjonar for sone 0:

1. Bruk av motordrive (forbrenningsmotor) køyretøy i/på vatnet er ikkje tillate utan særskilt løyve frå kommunen.

Forbrenningsmotorar kan leke olje, bensin eller andre kjemikaliar, og avgassane kan ureine vatnet. Dette utgjer ein risiko for drikkevasskvaliteten. Det kan i visse tilhøve gjevast særskilt løyve, til dømes i beredskapssituasjonar, nødvendig vedlikehald eller reperatur, eller ved kontroll og overvaking av vasskjelda.

2. Tilrettelegging av badeplassar.

Bading er ikkje forbode, men det er forbode med tilrettelegging av badeplassar, som betyr det at det ikkje vil vere lov å etablere og legge til rette badeplassar i drikkevasskjeldene.

3. Leirslagning (inkl. bobil/campingvogn) nærare enn 100 meter frå vatnet.

Til forskjell frå retningslinje nr. 8 i sone 1, gjeld denne retningslinja for alle, uavhengig om det er organisert aktivitet eller ikkje.

3.5 Klima

3.5.1 Klima +

Vi har hatt eit prosjekt, Klima+, for å gjera hytteutbygging meir klimavenleg. Prosjektet er no vidareutvikla og er implementert i kommunen si verksemd. Kommune sitt slagord, rein naturglede, er Klima+ sin visjon.

Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Det vert forventa at kommunen arbeidar for omstilling til lågutsleppssamfunnet.

Vi ynskjer i Klima+ å utvikle samarbeid mellom planleggjarar, arkitektar, utbyggjarar og entreprenørar, utviklarar av eigedomar og marknadsarbeidarar, for å testa ut nye berekraftige idear og løysingar. Vi skal bruka tilgjengeleg og utprøvd teknologi, og nyutvikla teknologi, og tilpassa rammevilkår og retningslinjer slik at nye løysingar vert tekne i bruk. Areal- og reguleringsplanar, føresegner, utbyggingsavtalar og intensjonsavtalar er viktige verktøy i eit slikt arbeid. Klima + påverkar svært mange område, mellom anna: arealutnytting, materialbruk, energiløysingar, transport og miljøavtrykk frå bruk og drift.

Klima+ tenkinga er lagt til grunn for fleire planføresegn og inneber blant anna:

- Høg arealutnytting og fortetting. Auke talet varme senger i kommunen og oppfordre til utleie.
- Grøn mobilitet og transport; kommunen skal prioritera løysingar for ferdsel til fots, på ski, spark og sykkel, sjå føresegn 4.3.1 og 4.4.
- Sosial berekraft ved å stimulere til mangfald innanfor kvart utbyggingsområde.
- Utbyggingsavtalar, sjå føresegn 4.1.1.
- Omdisponering og nedbygging av karbonrike areal, inkludert myr og andre typar våtmark og skog, er i utgangspunktet forbode, slik at vi held ved lag evna areala har til lagring og opptak av karbon i tillegg til evna til å halde på vatn.
- Ettersørje klimavenlege løysningar i reguleringsplan og byggesak. Forslaga bør gjere greie for:
 - Tiltak som reduserer energibruk.
 - Tiltak som reduserer klimagassutslepp og avfall i anleggsperioden.
 - Val av energiløysingar og byggemateriale
 - Mikroklimatiske forhold som sol, skygge, vind og snø.
 - Ved regulering av areal over 5 daa: Klimaeffekt av arealendring på byggegrunn basert på klimagassrekneskap for arealendring.

3.5.1.1 Klima+ i utbyggingsavtalane

Ein utbyggingsavtale er ein avtale mellom kommunen og grunneigar eller utbyggjar, og er heimla i plan og bygningslova, arealplanen og reguleringsplan. Avtalen avklarar ansvarsfordelinga for gjennomføring av ein reguleringsplan. Ein utbyggingsavtale mellom kommune og utbyggjar der Klima+ er innarbeidd, vil innehalde krav til utbyggjar om å presentere ein plan for:

- God tomtetilpassing og arealutnytting, med mange bueiningar per arealeining og gjennom sameigevedtekter m.v. leggje til rette for delingsløysingar for bueiningane.
- Bruk av materialtypar med lågt klimaavtrykk.
- Energiløysingar, leggje til rette for bruk av bioenergi/fjernvarme og utnytting av solenergi.
- Grøn mobilitet, m.a. leggje til rette for tilstrekkeleg kapasitet med ladepunkt for bruk av el-bil.
- Gode avfallsløysingar, kjeldesortere all bygningsavfall og levere dette til godkjent mottak for gjenvinning.

Utbyggjar vil i utbyggingsfasen årleg gje ei rapportering til kommunen om korleis desse punkta vert varetekne i utbygginga.

3.5.2 Solenergianlegg

Solenergianlegg som solcelle- og solfangaranlegg er ein bygningsteknisk installasjon og er søknadsplikt jf. plan- og bygningslova § 20-1 bokstav f. Jf. SAK 10§ 4-1 bokstav e, kan installering og

endring av slike anlegg i eksisterande byggverk innanfor ein brukseining eller branncelle, vurderast som ein enkel installasjon og er unntatt frå kravet om søknadsplikt.

Solenergi er ei viktig fornybar energikjelde som bør nyttast og leggjast til rette for. Det er i dei fleste reguleringsplanar sett krav til kva som skal nyttast til material på tak som for eksempel tre, torv eller skifer. Solceller er som oftast ikkje nemnt som eit materiale (fasade) som kan nyttast og det er difor ofte naudsynt med dispensasjon for å kunne etablere anlegget, sølv om det eit enkelt tiltak jf. SAK10 § 4-1.

Vi ynskjer å leggje til rette for å kunne nytte solanlegg på eksisterande bygg. Tiltak i tråd med SAK10 § 4-1 bokstav e, skal difor ikkje vere søknadspliktige sjølv om det er ein plan som set krav til material på tak.

Vi viser til Føresegner og retningslinjer punkt 1.7.

3.5.3 Fjernvarme

Vi har ved handsaming av nye reguleringsplanar innanfor konsesjonsområdet for fjernvarme innført plikt til å kople seg til og føresegnar med krav om tilrettelegging for vassboren varme- og varmtvassforsyning. Ordlyden har variert noko, men intensjonen har vore lik i dei fleste planar.

Føresegna om påkoplingsplikt og krav om tilrettelegging for vassboren varmforsyning kan vedtakast både i reguleringsplan og i arealplanen. Ved å ta føresegna inn i kommuneplanen, vil det gjelde for alle nye byggesaker innanfor konsesjonsområdet og ikkje berre i nye reguleringsplanar, jf. punkt 4.1.3 i Føresegner og retningslinjer.

På kommuneplannivå kan avstanden til eksisterande fjernvarmerørnett for enkelte bygningar bli noko stor. Då kan det vera fornuftig med ei noko høgare arealgrense før føresegna slår inn, ev. ei differensiering utifrå avstand til næraste fjernvarmerør. Ved 125 meter avstand frå eksisterande varmerør byrjar kostnadane med framføring og drift å bli så store at det er lite føremålstenleg for både brukar og konsesjonær å knytte til mindre enkeltbygg.

3.6 Reguleringsplanar

Det er i 2024 142 reguleringsplanar som er gjeldande i kommunen. Vi har gått gjennom planane i planregistert, og det er mange planer som er gamle, utdatert eller overstyrte av nyare planar. Det er laga ei liste på 18 planar som er utdatert og som vert oppheva i samband med revidering av arealdelen:

Tabell 10. Reguleringsplanar som vert oppheva i samband med revideringa av KPA

Namn på reguleringsplan
A01 - Fjell – Dispensasjonsgrense fjell
A02 – Kommunedelplan for Beito-, Beitostølen- og Garliområdet
A04 – Kommunedelplanen for Heggenes - Moane
A05 – Kommunedelplanen for Rogne sør
B25 Beitostølen konkurranseløyper Liahøvda
B40 Stølsli II
H01 Heggenes-Storefoss
H08 Gangveg - Sjukeheimen

H12 Raudbrøtmoen industriområde
R01 Krøsshauget
U54 Vestsidenvegen
U03 Tåbakke
U05 Pipesteinhaugen
U14 Blilie
U43 Rjupa rasteplass
U55 Fv. 289 Røyne-Ødegård
B18 Beitostølen alpinområde
U13 Murkhøvd

Oppheving av eksisterande planar skal gjennomførast i tråd med PBL §12-14. I denne lovparagrafen står det at «for endring og oppheving av reguleringsplanar gjelder same føresegn som for utarbeiding av ny plan». Desse 18 planane som vist over er anten overstyrte, gamle eller ferdig utbygd. Desse planane vert oppheve ved vedtak av arealplanen. Vi vil etter det kontinuerleg rydde i planregistert og oppheve planar, for å få eit oppdatert planregister.

Tidlegare vedtekne kommunedelplanar blir erstatta av ny arealplan.